


KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

LUSTRA

nytt

Nr. 2 • 2017 22. årgang



*God jul og
Godt nytt år!*



DEMONSTRERER: Over 150 ordførarar frå heile landet var samla i Oslo 8. november for å markera sin motstand mot regjeringa sitt forslag om å oppheva maskinskatten. F.v. Leidulf Gløppestad, ordførar i Gloppen, Jon Håkon Odd, ordførar i Leikanger, Jarle Aarvoll, ordførar i Sogndal, Arild Ingar Lægreid, ordførar i Årdal, Petter Sortland, ordførar i Høyanger, Olav Turvoll, ordførar i Vik og Ivar Kvalen, ordførar i Luster. (Foto: Privat)

Ordføraren har ordet

Dei fleste av oss forbind årstidene med ulike aktivitetar. Alt etter interesser, alder, yrke og livssituasjon, er aktivitetane ulike gjennom året. Som unge tykte eg at sommaren og vinteren var best, sol og bading, snø og ski, ferdig med det. I ungdomen var no også våren stor stas. Fram att med sykkelen, seinare vart det mopeden som fekk vår-pussen. Det kan eg seie dykk alle som ikkje har prøvd, opplevinga av fyrste mopedturen på tur asfalt om våren er ikkje betalt med pengar.

No når eg nærmar meg den alder av heile 45 år, og må vel seiast å kunne bli kalla vaksen, tykkjer eg ettersommaren og hausten er ei fin tid. Det er litt rolegare dagar, ei fin tid for fjellturar, sauesank og epleplukking. Eg tykkjer det er lov å ha litt god tid om hausten, berre ein vert ferdig til jul så er det greitt liksom. Om våren er det slik kav med både eitt og hitt som skal verta klart til sommaren, og om sommaren skal me gjera «alt». I tillegg skal me bli brune, og det er no ikkje det enklaste når det regnar mest kvar dag.

Om våren må eg bruke «3 minutt» på å få ut hagemøblane, det kan ikkje skje fort nok. Kanskje vert det ein heit soldag som me kan sitja ute i, då må jo stolane vere komne på plass, nyvaska og fine. Verandaen må sjølv sagt vera nyspyla, kanskje til og mednymåla. Nei, då er det faktisk betre med hausten. I år har eg brukt 3 veker på å rydda inn att hagemøblane, og er ikkje heilt ferdig enno. Eg har ein liten mistanke om at ho Tone Helen tykkjer det går i seinaste laget, men eg tenkjer, berre eg vert ferdig til snøen kjem så går det vel bra i år og. For om hausten er det rett og slett lov å tuvla litt på heimebana, det meiner no eg.

Budsjettarbeidet

For oss som styrer med politikk er hausten tida for budsjettarbeid. Formannskapet har også denne hausten, ilag med administrasjonen gått i gjennom heile den kommunale drifta for å finne innsparinger og område som kan effektiviserast. Berre sidan 2013 har inntektena frå kraftproduksjonen i Luster kommune vorte redusert med 35 millionar, i tillegg kjem reduserte inntekter gjennom inntektsystemet til staten. Dette har heilt klårt utfordra driftsekonomien til kommunen vår. Me må no redusera driftsutgiftene til kommunen tilsvarande, helst bør me klara meir.

Skulestrukturen

Skulestrukturen i kommunen har vore eit «heitt» tema dette året. Innleigde konsulentar gjekk gjennom heile skulesektoren vår. Det vart arrangert møte i skulekrinsane, innbyggjarar, lag og organisasjonar og tilsette vart høyrd. Eg var sjølv med på fleira av krinsmøta for å lytta til innbyggjarane sine synspunkt. Det er få saker som engasjerer meir enn skulestruktur, det er flott å sjå at innbyggjarar på tvers av generasjonar står opp for bygdi si og kjempar for dei tenestene dei har.

Sjølv om kommunestyret alltid skal sjå «totalen» i kommunen sitt arbeid og prioriteringar, skal me politikarar ha stor respekt for det brennande engasjementet innbyggjarane våre syner. Skulestruktur i Luster har med jamne mellomrom vore diskutert, men det har vore brei politisk semje om at den desentraliserte skulestrukturen er eit gode for vidstrakte Luster. Skulen, barnehagane, samfunnsbygga med uteområda er viktige samlingspunkt for bygdene våre. Det er «limet» i bygda som mange skreiv i høyringsinnspeila til kommunen.

Skuleelevane i Luster ville ha fått like god undervisning på ein større skule som på dei mindre, det finst få «læ-

Rådmannen har ordet

Digital transformasjon

Det er ein del som meiner at desse orda må rådmann læra seg. Eg forstår at det har noko med den stadig meir digitale kvardagen å gjere.

Radioen er nett komen på DAB digital plattform. I gamle bilen min har eg ikkje spandert på meg adapter, så no høyrer eg på Radio Luster på radioen i bilen, eller så koplar eg opp mobiltelefonen min og høyrer radio der. Vel, dette var no berre eit lite eksempel på at det stadig er noko nytt på det digitale området.

På 1980 talet starta eg å skrive på ei datamaskin. Ut på nittitalet fekk eg mobiltelefon omrent like stor som ein tjukk telefonkatalog. Før den tid hadde eg inntrykk av at det berre var dyrlegen som gjekk rundt med mobiltelefon, i ei større kasse på skuldra. Internett var ikkje i vanleg bruk før me nærma oss årtusenskiftet.

Eg heng no med i swingane på mykje, eller ein del, men utviklinga spring føre meg og gjerne raskare enn meg. Det er nesten som ein kly-

per seg i armen over kor mykje som skjer og kor fort dette har utvikla seg. Og er det noko som er sikkert, så er det at dette går ikkje over. Det har lite føre seg å ikkje prøve å følgje med om det so gjeld privat eller i kommunen. Det er difor dei som har betre innsikt enn meg meiner eg må lære meg orda digital transformasjon.

Bruk av teknologi står sentralt i arbeidet for å forbetre og fornye offentleg sektor, inkludert kommunane i Norge.

Det vert lagt til grunn at det er eit stort uutnytta potensiale for å effektivisera forvaltninga gjennom bruk av IKT.

Det er bestemt at for kommunen skal digital kommunikasjon vere hovudregelen innanfor forvaltningslova sitt virkeområde. Det betyr at me skal kunne ta imot post digitalt, handsame saker digitalt, sende svar digitalt og gjerne og medverke til at mottakar vel å ta imot brev digitalt. Målet er at heile kjeda skal vere digital.



Rådmann Jarle Skartun.

«Svar ut» frå kommunen må i større grad sendast til digital postkasse hjå mottakarane.

Ein mykje større del av innbyggjarane i Luster må velja å ta imot *Framhald side 2*

refaglege» argument for å oppretthalda dagens struktur, det må me vera ærlege på. Køyreavstand, tidsbruk, skulen som «hjørnestein» i bygdi, og den relativt låge innsparinga påverka klårt mitt standpunkt denne gongen. Eg har gjennom mitt politiske arbeid alltid vore forkjempar for dagens skulestruktur, både gjennom gode skuleresultat, men og fordi skulen er viktige grunnsteinar i bygdene våre.

Endra skattereglar

Dagens regjering legg dessverre opp til ei sterk sentralisering av makt og økonomi. Medan eg skriv dette er kommunane sin skattleggingsrett av verk og bruk sett i spel. Regjeringa vil ta vekk kommune Noreg sin rett til å kunne skattlegge store industribedrifter, transformatoranlegg og kraftlinjer. I neste omgang vert og kraftverka våre fritekne. I følge Landsforeininga for Vassdragskommunar der Luster er medlem, er det gjort berekningar på at regjeringa på sikt vil fråta kommunane heile 12 milliardar i inntekter. Dette for å direkte overföra pengar til Staten og dei store private eigarane. Dette er pengar som i dag i all hovudsak går uavkorta

til eldredo, helse, skule og gode velferdstilbod for innbyggjarar, ofte i det me kallar distriktskommunar. Berre hjå kommunane i indre Sogn snakkar me om beløp på mellom 50-60 millionar no på kort sikt. I neste runde vert det truleg mykje meir.

Det er vanskeleg å spå, spesielt om framtida, var det ein som sa. Arbeidet med å sikre god økonomi i kommunen vår vil halda fram. Sjølv om det kan vera noko ulikt syn både på tempo og tiltak mellom partigruppene, er heile kommunestyret sterkt opptekne av at Luster skal levera gode tenester til innbyggjarane våre også i framtida. Men kor hardt me må gå til verks er mykje avhengig av det som skjer på Stortinget og i Regjeringa i desse dagar.

Ha ei god og fredeleg jul
alle lusteringar!

Ivar Kvalen - ordførar

digital post. Då får me og større effekt av den kommunale digitaliseringa, det går raskare og me sparar handsamingskostnader inkl porto. Me har og eit større arbeid med å digitalisere papirarkiv, det vil letta arbeidet med å finne fram igjen tidlegare handsaming og viktig saksinformasjon.

Auka automatisering av kommunikasjon og saksgang i og mellom kommunen, næringsliv, lag og organisjonar og innbyggjarar vil vera prioritert framover.

«Kommunane må digitalisere for å løyse dagens og framtida sine utfordringar» er eit omgrep som møter oss. Dei demografiske endringane, m.a. større andel eldre fører til behov for store omstillingar. Me må vere i stand til å produsera fleire varer og tenester med utan å auke ressursbruken. Eksempelvis vert det satsa på bruk av velferdsteknologi for å avhjelpe behovet for manuell bistand til eldre og hjelpetrengande og bidra til auka livskvalitet og tryggleik for den enkelte.

Me må innfri forventningane frå innbyggjarane og næringslivet. Innbyggjarane og næringslivet har høge forventningar knytt til digitale tenester. Det vert etterspurd eit vidt spekter av løysingar, frå enkle sjølvbeteningsløysingar til meir omfattande og kritiske løysingar innan helse og omsorg.

Me skal og oppfylle staten sine ambisjonar for kommunane. Det er høge ambisjonar om å fornye, forenkle og forbetre offentleg sektor, samstundes som innbyggjarar og næringsliv har forventningar om ein enklare kvardag.

Summen av dette er å tilby meir enn elektroniske skjema og digital kommunikasjon.

Det er då digital transformasjon kjem inn og kan beskrivast om lag slik:

- *Ein prosess der kommunen endrar korleis den utfører oppgå-*

vene sine, tilbyr betre tenester, jobbar meir effektivt og/eller skapar heilt nye tenester (nytt tenestedesign).

- *Brukarane og brukaropplevninga skal vere sentral og kjerna i endringsarbeidet framover og*
- *Fullt ut basere seg på digital teknologi.*
- *Ein grunnleggande og omfattande endring.*

Med andre ord så snakkar me om noko meir enn å digitalisere dagens tenester og prosessar.

Vel, eg må gjerne bruke noko meir tid på å få dette under huda, for det går ikkje over, det er berre å ta tak. Siste melding i inn-boksen frå NAV i skrivande stund har slik tekst;frå 15.01 2018 kan ikkje lenger arbeidsgivar nekte å ta imot digital sjukmelding.

Det er berre å ta tak både heime og i kommunen !

Jarle Skartun
rådmann

Folketals-utviklinga

Folketal	pr. 01/01-00:	5003
Folketal	pr. 01/01-01:	4954
Folketal	pr. 01/01-02:	4968
Folketal	pr. 01/01-03:	4924
Folketal	pr. 01/01-04:	4926
Folketal	pr. 01/01-05:	4927
Folketal	pr. 01/01-06:	4889
Folketal	pr. 01/01-07:	4884
Folketal	pr. 01/01-08:	4870
Folketal	pr. 01/01-09:	4879
Folketal	pr. 01/01-10:	4945
Folketal	pr. 01/01-11:	5023
Folketal	pr. 01/01-12:	5026
Folketal	pr. 01/01-13:	5041
Folketal	pr. 01/01-14:	5089
Folketal	pr. 01/01-15:	5118
Folketal	pr. 01/04-15:	5097
Folketal	pr. 01/07-15:	5095
Folketal	pr. 01/10-15:	5071
Folketal	pr. 01/01-16:	5093
Folketal	pr. 01/04-16:	5098
Folketal	pr. 01/07-16:	5120
Folketal	pr. 01/01-17:	5151
Folketal	pr. 01/04-17:	5167
Folketal	pr. 01/07-17:	5184
Folketal	pr. 01/10-17:	5204

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå, kvartalsvis befolkningsstatistikk.

Nye faste medlemer i kommunestyret



Tor Bremer har rykka opp som ny fast medlem for Arbeiderpartiet etter at Arne Johannessen fekk fritak etter overgang til ny stilling i politiet.

Eivind Steig har rykka opp som ny fast medlem for Senterpartiet etter at Kjell Sindre Schmidt har meldt flytting til anna kommune, og såleis ikkje kan vere i kommunestyret i Luster.

Skal du gifte deg?

Borgarleg vigsle i kommunen frå 1.1.2018

Frå 1. januar 2018 tek kommunane over ansvaret for gjennomføring av borgarlege vigsler i Noreg. Då vil borgarleg vigsle skje i kommunen og det er ikkje lenger mogleg å gifte seg i tingretten. Alle kommunane tilbyr gratis vigsle til eigne innbyggjarar og til personar busette utanfor Noreg når vigsla skjer på dei stader og dei tider kommunen fastset.

I Luster vert seremonien på rådhuset.

Ordførar og varaordførar har mynde til å gjennomføre vigsla. Kommunestyret vil i desember avgjere om rådmannen også



får mynde. Kommunestyret vil då også avgjere om me skal tilby tenesta til dei som ikkje er heimehøyrande i Luster, og om

det vert mogleg å ha seremonien andre stader enn på rådhuset. Når dette er avklara, vil du finne informasjon på kommunen si heimeside.

Stortingsvalet 2017

82,2% av dei manntalsførde lustringane brukte røysteretten sin på Stortingsvalet i haust. Heile 972 personar valde å førehandsrøyste, det er ny rekord, 25,6%. Røystene fordelte seg slik partivis:



Partinamn	Tal røyster	%-vis oppslutnad
Senterpartiet	1233	39,7%
Arbeiderpartiet	855	27,5%
Høgre	339	10,9%
Framstegspartiet	230	7,4%
Kristeleg Folkeparti	167	5,4%
Sosialistisk venstreparti	108	3,5%
Venstre	61	2,0%
Miljøpartiet Dei Grøne	60	1,9%
Raudt	27	0,9%
Partiet Dei Kristne	17	0,5%
Helsepartiet	5	0,2%
Demokratane i Norge	2	0,1%
Alliansen	1	0,03%
Liberalistane	1	0,03%
Blanke	11	0,3%

Søk fyrst om prøvingsattest hjå Skatteetaten

Før de giftar dykk, må Skatteetaten sjekke om de oppfyller vilkåra for å inngå ekteskap. Det vil seie at de må sende inn ein del papir. Behandlingstida er to-tre veker, så ver ute i god tid før bryllaupet.

Sjå skatteetaten.no, via folkeregister, vegen til ekteskapet – steg for steg.

Skjema sender de til Skatt Vest, postboks 8103, 4068 Stavanger. Om alt er i orden skriv Skatteetaten ut ein såkalla prøvingsattest, som viser at de oppfyller vilkåra for å inngå ekteskap. Du skal sende prøvingsattesten til kommunen. Attesten er gyldig i fire månader.



Luster Rådhus oppgradert

Luster Rådhus har vore gjennom ei omfattande oppgradering. To byggefaser er utført og resultatet er eit bygg i ny drakt, som resulterer i redusert energiforbruk og forbetra arbeidsmiljø.

Ny fasade blanda med kebony og cemeritplater utgjer den nye stilens. Nye vindauge etter dagens krav, samt etterisolering av veggger og tak. Nye ventilasjonsaggregat kopla mot varmepumper og nytt brannalarmanlegg.

Av dei utførande entreprenørane er det Vestlandshus Sogn AS som har vore generalentreprenør med sine underentreprenørar. Dei har utført tømrar- og betongarbeid sjølv. Holen Installasjon AS på elektro, Årdal Blikkenslagerservice AS på tak og beslag, Øvrebø Fargehandel AS med måling og flis, GK Inneklima AS på ventilasjon, Sogn Kjøleservice AS med varmepumper, Brødrene Lomheim AS med maskinarbeid, Sogn Aludesign AS med solskjerming.

AH- Bygg AS og Gaupne Kran har vore innleid på diverse kranarbeid. Daco Mekaniske AS på stål arbeid, og til slutt Bolseth Glass AS på takoverbygg over atrium. Arkitekten på prosjektet har

vore HR Prosjekt AS på Gol. Prosjekterande på ventilasjon, elektro og betong har vore Norconsult AS. Våren 2018 skal det ordnast opp rundt Rådhuset med plenar og asfaltering.

Luster kommune søker etter hus og leilegheiter

Luster kommune har behov for hus og/eller leilegheit, av ulike storleikar, som kan bli bustad for innvandrarar, flyktningar eller andre vanskelegstilte. Desse treng på kort sikt hjelp til å komme seg inn på bustadmarknaden. Både møblerte og umøblerte er av interesse.

På grunn av behov for offentleg transporttilbod er det primært ynskje om bustadar på strekninga Gaupne – Hafslo. Kommunen tilbyr langsiktig leigeforhold, der kommunen er leigetakar og har opfølging av beboarane.

Ta kontakt med servicetorget tlf. 57 68 55 00




Illustrasjonsfoto

Utvinding av eigedomsskatten i Luster

Etter kommunestyrevedtak i desember 2016 pågår det arbeid med ev å innføre eigedomsskatt for skatteåret 2018 for alle faste eigedomane i heile kommunen. Kommunestyret vil 14. desember 2017 ta stilling til innføring og skattesats. Det er utarbeidd retningslinjer for ordninga og no er takseringsarbeidet starta opp for dei eigedomane som skal takserast. Det som skal takserast er bustaddelen på landbrukseigedomar, fritidseigedomar og næringseigedomar. Når det gjeld bustadeigedomar, med eige gards- og bruksnummer, så skal skatteetaten sitt formuesgrunnlag nyttast som grunnlag

slik at der er det ikkje behov for taksering. Når det gjeld verk og bruk, så er dei takserte og skattlagde i dag.

Ved handsaming av budsjettet kvart år vedtek kommunestyret kva eigedommar skatten skal skrivast ut på, kva satsar som skal gjelde og om botnfrådrag for bueiningar skal nyttast. Når kommunen skal gjennomföra ei alminneleg taksering, hentar ein fram faktagrunnlag på type bygning, alder og areal m.m. Det er laga framlegg til «rammer og retningslinjer» som skal nyttast og det skal gjennomførast synfaring. Eigar kan be om å få vere tilstades på synfaringa.



Me reknar med at takseringa vil gå føre seg fram til midten av februar. Takst og utrekna skatt skal vere lagt ut til offentleg ettersyn innan 01.03. i skatteåret.

Sakkunnig nemnd, ev sak-kunnig klagenemnd, som er politisk valde, fastset/godkjener eigedomsskattegrunnlaget på eigedomen.

Lestringane kan bli betre på digital postkasse

Du har mange fordeler om du har ei digital postkasse:

- Det er tryggare enn epost
- Det er raskare enn vanleg postgang
- Det er gratis å bruke
- Du tek i mot og lagrar viktige brev på ein stad, både frå offentlege og private verksemder
- Du får viktige brev der du er
- Du bidreg til å redusere porto og ekspedisjonsutgifter
- Du bidreg til å spare miljøet

Det er meir enn ein million som har digital postkasse. Oslo har høgst prosentdel innbyggjarar med digital postkasse medan Sogn og Fjordane førebels er leggst på statistikken. Internt i fylket er Luster nesten blant dei därlegaste.

Kommunen ynskjer gjerne at fleire lusteringar tek imot posten sin digitalt. Me forventar ikkje



at alle skal gjøre det, men det er mange som har føresetnader for å kunne ta imot digital post.

Kommunen har store papir- og portoutgifter, og me meiner at bruk av digital postkasse er ein enkel måte å spare offentlege midlar.

Enkelt å lage seg digital postkasse

Du kan velje mellom Digipost eller e-Boks. Via www.noreg.no får du oppretta di eiga digitale postkasse.

Kan me hjelpe kvarandre i den digitale kvardagen?

Meir og meir blir på data og på appar på mobilen. Om du skal ta buss og vil kjøpe deg billett, betale for parkering, sende krav til pasientreiser, sjekke sjølvmelding, ta imot offentleg post og mykje meir. For nokon går det heilt fint å fikse dette, og dei forventar at dei kan ordne det digitalt. For andre er det mindre interessant at «alt må ordnast på data». Det er både gamle og yngre som kan streve med dette. Treng du hjelp er kan hende datakafé på biblioteket noko for deg? På Luster frivilligsentral er det fleire datakyn-dige som gjerne stiller opp og hjelper deg i gang. Rådmannen skriv at «dette går ikkje over». Dersom du ynskjer å lære, vil me gjerne hjelpe deg. Følg med på tilbod frå kommunen og Frivilligsentralen.



Skule- og barnehageutvalet i Sogn og Fjordane

SAMORDNA FRAMLEGG TIL SKULERUTE FOR ELEVANE I SGON OG FJORDANE FOR 2018– 2019

Månadane:	Tal skuledagar:
AUGUST	
Første skuledag: mandag 20. august	10 dagar
SEPTEMBER	20 dagar
OKTOBER	
Haustferie mandag 8. til fredag 12. oktober (v. 41)	18 dagar
NOVEMBER	22 dagar
DESEMBER	
Siste skuledag før jul: fredag 21. desember	15 dagar
JANUAR	
Første skuledag: torsdag 3. januar	21 dagar
FEBRUAR	
Vinterferie: 18. februar – 22. februar(veke 8)	15 dagar
MARS	21 dagar
APRIL	
Elevfri dag 5. april	15 dagar
Siste skuledag før påske er fredag 12. april	
Første skuledag etter påske: tysdag 23. april	
MAI	
Elevfrie dagar: 31. mai	19 dagar
JUNI	
Siste skuledag : fredag 21. juni	14 dagar
Sum:	190 dagar

Vedtatt i Skule- og barnehageutvalet 01.06. 2017

Leiar Skule- og barnehageutvalet
hiseitdgetoreund

Fylkesdirektor for opplæring
Tor-E. Høgselv



Skulestrukturen i Luster

Våren 2017 arbeidde ein med grunnlag for å lage ny skulebruksplan. Konsulentelskapet Telemarkforsking laga ei utgreiing der dei såg på ulike sider ved noverande skulestruktur i Luster. Dette som ei oppfølging av budsjettvedtaket for 2017 der kommunestyret vedtok ein gjennomgang av tenestetilbodet i Luster kommune generelt og skulesektoren spesielt.

Det vart arbeidt med grunndaata og samla inn og samanstilt informasjon om ressursbruk, kostnader og driftsutgifter, sett på folketal, fødselstal og elevtal for å kunne gjera ei meir nøyaktig elevtalsframskriving ved dei ulike skulane. Fekk kartlagt fagkompetansen hjå lærarane i kommunen, gjennomført ei synfaring av alle skulebyggja i kommunen for å vurdera kor gagnlege undervisnings-romma er og kapasiteten i høve elevtal. Skulen si tyding for bygda vart og sett på og vurdert. Det vart i

samband med prosessen halde opne møte i kvar krins der Telemarkforsking la fram si førebelse utgreiing.

Telemarksforskning sluttførde si utgreiing og leverte endeleg rapport til kommunen til 1. juni i år (denne finn de på heimesida). Formannskapet har vore styrringsgruppe for arbeidet og gitt føringar til arbeidet underveis. Det var føresett at me over sommarferien skulle ta arbeidet over i framlegg til ny skulebruksplan for kommunen. Imidlertid kom det tydelege politiske signal frå eit stort politisk fleirtal på at ein ikkje ville endre på skulestrukturen, i alle fall ikkje i denne kommunestyreperioden. I lys av dette er vidare arbeid med skulebruksplan og skulestruktur stilt i bero og det vert arbeidd med andre tiltak der dei økonomiske rammene til grunnskulen kan reduserast i åra framover.

Noverande skulestruktur er

kostbar, og driftsnivået på skule er det området der Luster kommune skil seg mest ut samanlikna med andre kommunar i utgiftsnivå. Dårlegare kommuneøkonomi, reduksjon i elevtal og krav til kvalitet/kompetanse gjer at det er naudsynt å vurdere endringar i alle fall i ressursbruken. Budsjettarbeidet tek tak i desse utfordringane.

 Telemarksforskning



Skulestruktur i Luster kommune – grunnlagsarbeid for ein skulebruksplan



Bilettekst: Arbeidsgruppa for språkommunen i Luster på nasjonal strategisamling på Gardermoen. Frå venstre: Solveig Løkkebø, Trude Sønnesyn, Oddbjørg Ese, kommunalsjef Knut Åge Teigen, Anne Grethe Leirdal, Linda Øvregard Røhme og Hilde Holte Selland.

Språkommunen Luster

Barnehagane og skulane i Luster tek hausten 2017 og 2018 del i den nasjonale satsinga på såkalla språkommunar. Gjennom deltakinga i satsinga forpliktar kommunen seg til å velja ut nokre innsatsområde der ein skal prøva å forbetra praksis. Desse områda er i Luster:

- Lese- og skrivestrategiar
- Overgangar (overgang barnehage – 1. trinn, overgang mellomsteg til ungdomssteg)
- Språkutvikling (tidleg innsats, norsk som andrespråk, skilnad gutter – jenter)

I samband med satsinga lagar kommunen ein eigen strategiplan som synleggjer status i språkarbeidet i kommunen, overordna mål og konkrete innsatsområde med tilhøyrande tiltak.

Utdanningsdirektoratet skipar til nasjonale samlingar kvart halvår for arbeidsgruppene fra

kvar kommune. Her i Luster vil det verta fire lokale fagnettverk som skal følgja opp språksatsinga: nettverk for barnehage og lærarar på 1.-2. trinn, lærarar på 3.-7. trinn og lærarar på 8.-10. trinn og eit nettverk for lærarar som underviser norsk som andrespråk for minoritetsspråklege elevar. Luster vaksenoplæring deltek også i dette sistnemnde nettverket.

Alle språkommunane har fått midlar frå Utdanningsdirektoratet til å dra på nasjonale samlingar, til å arrangere lokale fagnettverk og til å ha lokale ressurspersonar. Luster kommune har fått tildelt om lag 770 000 kroner til dette arbeidet. I tillegg har kvar språkommune fått oppnemnd ein rettleiar for prosjektperioden. Vår rettleiar er tilsett ved det nasjonale Skrivesenteret.

Denne satsinga på språkommune gjer det mogleg for dei tilsette i barnehage og skule å få kompetanseheving innafor språkutvikling og språkopplæring,

til å forbetra samarbeid og rutinar og til å dela gode praksisdøme. Det overordna målet er at barna i barnehagen og elevane på skulen tileignar seg gode språkferdigheiter til å meistra framtida både i yrkeslivet og som medborgar.





Tilbygg og ombygging ved Jostedal oppvekstsenter avd. barnehage

Tilbygg og innvendig ombygging ved Jostedal Barnehage har betra tilhøva for ungane og dei tilsette.

Etter påska i 2017 starta Luster kommune bygging av tilbygg og ombygging av eksisterande del ved Jostedal oppvekstsenter avd. barnehage. Større grovgarderobe og endra rominndeling i eksisterande del med nye tekniske anlegg og overflater vart utført. I tillegg eit tilbygg med personalrom, kontor, barnevognrom og lager.

Hans Nes Bygg AS stod for tømrar- og betongarbeid. Underentreprenør på måling og golvbelegg vart utført av Øvrebø Fargehandel AS. Grunnarbeid vart utført av Arne Berget. Caverion Norge AS, avd Sognadal, utførte elektroarbeid, GK Inneklima AS ventilasjonsarbeid. Den «nye» barnehagen stod klar til bruk etter sommarferien.



Barnehagen på tur med studentar. Det er mykje spennande å sjå og oppleve når ein tek seg tid og stoppar opp.



Gaupne barnehage – ein lærande

Gaupne barnehage er ein stor barnehage med fem basar, 114 plassar, 28 tilsette og er ein stad for leik, omsorg og læring. Ikkje berre for dei tilsette som har sin arbeidsstad her og borna våre, men i tillegg så har me fleire innom til oss som vil lære av oss. Det ser me på som ein ressurs og me er svært glade for det.

Me har ein person i språkpraksis hjå oss no. Han har som mål å læra norsk samstundes som han jobbar med noko han likar; nemleg å vera saman med born. Medhane er frå Eritrea og kom til Noreg som flyktning for 3 år sidan. I heile haust har han vore i språkpraksis hjå oss, på Turkis (namnet på ein av basane), og borna tykkjer det er veldig stas med ein mann i barnehagen. Og personalgruppa i barnehagen ser det som ein ressurs å kunne vera med på integrering av flyktnigar, samstundes som me får god arbeidskraft inn i barnehagen. Me har fleire nasjonalitetar i

barnehagen, og i år har me tema ”Gaupne i verda”, og Medhane kan læra oss mykje om dette.

I oktober og november har me òg hatt to 3.klassestudentar frå Høgskulen på Vestlandet, som har hatt praksis på Rosa og Grøn. Studentane i 3.klasse skal øve seg på å vera pedagogisk leiar ei heil veke, og har ”styrt” Rosa og Grøn slik dei tenkjer er best. Samstundes har dei eit eige utviklingsarbeid som dei skal utøve denne veka. Kvart år har me 3.klassestudentar hjå oss, noko me tykkjer er lærerikt og utviklende for oss, i tillegg til at me er ein viktig læringsarena for studentane.

Samarbeid med Høgskulen
 ’Rett nok er det slik at det er ein av dei pedagogiske leiarane våre som har med seg studentar, gjennom eit tett samarbeid med Høgskulen på Vestlandet. Men Høgskulen og styrar presiserer at det å ha studentar er eit viktig arbeid for alle i barnehagen, ikkje berre praksislærar. Det

er mykje kunnskap om barn, samhandling, kommunikasjon, foreldresamarbeid, omsorg, didaktikk og pedagogikk i ei stor personalgruppe. Det er denne kunnskapen me skal dele til studentane, og som dei tek med seg vidare ut i sitt eige arbeidsliv.

Å ha studentar er ikkje berre ein læringsarena for studentane, men det er ein viktig arena for utvikling og læring for oss òg. Me treng å bli spurt spørsmål om kvifor me gjer akkurat ”slik”, og me treng nokon som utfordrar oss fagleg slik at me på den måten held oss fagleg oppdaterte.

I Gaupne barnehage har me studentar med jamne mellomrom, og me er ein attraktiv praksisbarnehage. Dette er me stolte av. Me har 1., 2. og 3.klassestudentar frå barnehagelærarutdanninga. Og dei ulike studentane har ulike mål dei skal nå i sine praksisperiodar.



stad å vera

Høgskulebarnehage

‘Høgskulen knyter til seg tre barnehagar i ein tre-årsperiode som blir såkalla Høgskulebarnehage. Ein rullerar på kva barnehagar dette er. Gaupne barnehage var høgskulebarnehage i førre periode, og personalet hadde då felles personalmøte med andre høgskulebarnehagar. Me fekk føredragshaldarar gratis til personalmøte og/eller foreldremøte, og styrar og praktslærarar var på høgskulen for å gje tilbakemeldingar til studentarbeid. Slike band er viktige for oss. Me får vise oss fram, og me får sjå kva som rører seg av fagstoff og forventningar fra barnehagefagfeltet på høgskulenivå. Det er viktig for oss å vera fagleg oppdaterte til ei kvar tid, så samarbeidet med høgskulen prioriterer me høgt.

Gaupne barnehage ynskjer å vera ein barnehage med gode pedagogar og andre tilsette, for slik å skape gode føresetnader for at born og foreldre skal vera sikra eit godt barnehagetilbod.

Elevar frå vidaregåande skule

‘Samstundes som me har hatt studentar frå høgskulen hjå oss, har me òg hatt elevar frå Sognadal vidaregåande skule hjå oss ei veke + 8 enkeltdagar. Desse elevane er dei som jobbar med fagarbeidar-rolla i barnehagen gjennom utdanninga Barne- og ungdomsarbeidarfaget. På same måte som for høgskulestudentar er praksis ein viktig del av utdanninga for komande fagarbeidarar òg. Barnehagen blir i slike periodar ein lærestad, og det er barnehagen sitt ansvar å syte for at det blir lagt til rette for gode læresituasjonar for både born, tilsette og elevar/studenter.

Borna tykkjer det er spanande med studentar og elevar, og vakkentettleiken blir høgare i desse periodane - noko som gjer at det er fleire fang, fleire hender, fleire øye og fleire som vil borna det aller, aller beste.

Og ikkje nok med det; i barnehageåret 2017/2018 har me ein

lærling med oss heile året. Ho har gått barne- og ungdomsarbeidarfaget og skal no vera to år i praksis, og startar lærlingtida si hjå Gaupne barnehage. Her har me ein instruktør/fagleg leiar som har ansvaret for oppfølginga av lærlingen, slik som pedagogiske leiarar har ansvar for studentar. Men dette løpet er mykje lengre enn studentperiodar som berre er på nokre veker.

Me tykkjer det er flott å ha så mange unge, lærevillige personar innom som har lyst å jobbe i barnehage i framtida.

Gaupne barnehage ynskjer å legge til rette for å vera ein god lærestad, samstundes som me vidareutviklar oss sjølv innan å sikre borna våre gode oppveksttilhøve, utvikling, omsorg og meistring av eige liv.

Gaupne barnehage; Me vil. Me kan!



Alle gode ting er tre:

Lesing, rekning og praktisk arbeid

No skal du få lese litt om korleis elevane i 4. klasse ved Gaupne skule lærer, først litt teori og så kjem praksisen.

Dei første menneska i Norden budde i telt og gammar. Med betre reiskap byrja menneska å lafte. Det vil seie å leggje trestokkar oppå kvarandre, hogne saman i knutar i hjørna/endane. For å unngå at treverket rotna laga dei ein grunnmur av stein. Oppå muren la dei bjelkane, dei står på høg-kant. Då er dei sterkest. Oppå bjelkane kjem golvborda.

Oppå golvet kjem "skjelettet", det kallar me reisverk. Det må setjast saman så det tåler krefte av vêr og vind. Snøen er tung og presser nedover. Taket

må vere sterkt nok for å unngå kollaps.

Bygge-prosjektet til 4. klasse var slik:

Klassen hadde diskutert korleis

huset burde sjå ut. Kva mål på lengd, breidd og høgd som var lure og fornuftig å nytte. Me vart samde om ei lengd på 180 cm og ei breidd på 120 cm. Det passa fint sidan standardmålet





mellan stendarar er 60 cm. Du kan vel 60-gangen; 0-60-120-180.

Me byrja med botn-råma, «2*4». Ein tomme er om lag 2,5 cm, så då vert ein «2*4» 5 cm høg og 10 cm brei. Reisverket var «2*3», taksperra hadde dimensjonen «2*4». Då skal taket i vertfall tole at Synnøve og Noah feiar pipa eller tek seg ein dans på taket.

På veggane spikra me på kledning og oppå taksperra spikra me på rupanel. Då vert bygget stiva av og kan tole ein kastevind eller to, om «nordvesten» skulle kome. Rupanel gjer og at taket vert jamt og gjer det enkelt å leggje den svarte takshingelen oppå.

Underveis måtte me ta omsyn til at me skulle ha ei døråpning og ei opning til vindauge.

I tillegg har me fått prøvt oss på stiglaft, det er lafemetoden ein brukar i grindverksbygg. Det er ein tidkrevjande metode å bygge hus på, men er ein svært solid byggjemåte.

Me har hatt med oss tre besteforeldre; Svein, Leif og Kjell. Dei har lært oss å snikre og lafte og korleis ein kan bygge sitt eige vesle hus.

Kanskje sit du no med spørsmålet, kva skal dei gjøre med det ferdige huset? Underveis hadde me mykje matematikk-læring og leselekse om dette prosjektet. Men i klassen lærer me og å dele med kvarandre, og me har derfor tenkt å auksjonere bort huset til nokon som har bruk for det. Pengane vil me gje til ei god sak.

Skriven saman av elev Malin Veum og lærar Tomas Kjørlaug.





Oppgåve: Lukk augo og rekk opp handa når du trur det har gått 1 minutt.

Leik og læring på uteskulen på Skjolden

Annakvar tysdag er det avmarsj med 5-åringane og 1. og 2. klasse vel halv ni, to og to på rekke opp til Moane.

Alle gler seg til å få leika i sandkassen, i skogen, i leikeapparata, i løypa inne i grillhytta.

Leiken er fantastisk når vi kjem oss opp dit! Det kan vera tv-program gjennom vindaugsopninga i grillhytta, dyrehage oppe i kratet, store vegprosjekt i sandkassen, butikk i grillhytta og mange andre leikar.

1. og 2. klasse studerer og tek bilete av eit rognetre og ei furu kvar gong vi er der. Tilbake i klasserommet skriv vi rapport om korleis trea ser ut denne dagen.

Vi har òg aktivitetar av ulike typar, som å leita etter spor, setta ned insektsfeller, finna former, bokstavar, ord. Vi finn pulsen vår før og etter aktivitet, prøvar å gå eller springa løypa eksakt like fort to gonger, lagar formingsprodukt av naturmaterialar. Mat er godt når vi er ute, og av og til fyrer vi opp bålpanna og lagar mat der, andre gonger et vi god niste samla rundt bordet og kosar oss.

Dette er fine og gode økter, ei førebuing på skuleoppgåver for 5-åringane og høve til å leika godt i lag for alle 11 ungane.



Fine formingsprodukt av naturmateriale.



I butikken sel dei eple, blad og ved.



Stas med ein kunde i butikken.



Her har alle plukka 20 omrent like store rognebær og som dei skal tre på ein streng, og dei forma til eit hjerte. Fin matematiske og finmotorisk oppgåve!



Pinnebrød med sukker og kanel til lunsj-dessert.



Grilling.



Grønsakgryte.

20 år med uteskule på Indre Hafslø

Det er tysdag og klokka er 10.50. 18 elevar frå 1. til 4.klasse står klare til dagens økt på uteskulen. I dag skal me gjere uteskulen klar for vinteren. Ein heil palle med ved står ved grinda. Denne veden skal no finna vegen frå pallen og bort i lavvoen. Me går til uteskulen og set frå oss sekken vår før me går tilbake til grinda for å fylle fanget fullt med ved. Ei gruppe elevar blir verande i lavvoen for å stable veden under benkene. Det er viktig å stable godt, me skal ha plass til ein heil palle. Ei anna elevgruppe går i gang med å lage bål slik at me kan grille når dagens arbeidsøkt er over. Alle jobbar konsentrert og ingen set seg ned før heile jobben er gjort. Når det er kaldt ute, et me maten vår i lavvoen, og praten går livleg. Nokon drikk varm saft eller kakao, medan andre grillar pølser. Me blir mette og nøgde både av god mat og prat. Etterpå veit alle at no er det tid for ei leikeøkt.

Uteskuleleik

Ei gruppe elevar har sett eit ekorn i eit tre. Og då må dei sjølv sagt lage eit hus til ekornet slik at det ikkje frys når snøen no snart kjem til uteskulen vår. I dag fann me også nokre plastikkmuggar på uteskulen. Kan det vere barnehagen som hadde dei med seg då dei var her på torsdag? Fine var dei i alle fall å bruke for å sjekke om det er småkryp i vatnet i myra.

Tema på uteskulen

Tema på uteskulen denne dagen er segner og eventyr. Etter ei god leikeøkt samla me oss i lavvoen for å lese eventyr. I dag er det eventyret «Draken med dei raude augene» av Astrid Lindgren som er eventyret me skal lese. Me les og diskuterer både om nokon kjenner Astrid Lindgren frå før og innhaldet i eventyret. Medan me les har Nina hengt opp ein natursti på



Uteskule 2007-2008.



Uteskule 2016-2017.

uteskuleområdet, det er tid for FysAk. I dag er det eventyret me har lese som er tema for FysAk'en. Elevgruppene spring rundt i skogen på leit etter posttar. Ivrig kjem dei tilbake for å høre om svara dei har komme fram til er rette. Før me forlet uteskulen må me også sjekke temperaturmålaren og regnmålaren vår. For skal ein vere på uteskule, så må ein sjølvsagt føre statistikk over temperatur og nedbør.

Å skrive logg

Tilbake på skulen er me fulle av inntrykk etter tre timer ute. Me avsluttar alltid uteskuleøkta med å skrive logg. 1. og 2.klasse skriv felles logg, medan dei i 3. og 4. klasse skriv logg kvar for seg. Elevane må også lage ein illusstrasjon til loggane sine.

Uteskule ein arena for leik og læring

Denne hausten har tema på uteskulen vore haust og mat på bål. Me har plukka tytebær og blåbær, og av dette har me laga trollkrem og syltetøy. Me laga også pannekaker og hadde

blåbærsyltetøy på desse. Grønsaksuppe er heilt naturleg å lage når haust og mat på bål er tema. Og du all verden kor godt det smaka med eigen laga grønsaksuppe. Eplekake, potetkaker og pinnabrød er også god mat å lage på bålet. Og kven har sagt at det ikkje går å øve teikn til tale på uteskulen? Fantastisk å

sjå kor ivrige alle er til å lære teikn når dette er ein del av FysAk-økta vår.
I 2018 er det 20 år sidan uteskulen på Indre Hafslo vart grunnlagt. I 20 år har elevane våre fått oppleva alt det uteklasserommet har å by på. 20 år med ulike årstider, felles opplevelingar og mykje god læring.

Ny rektor/styrar ved Indre Hafslo oppvekstsenter

Inger Marie Evjestad er tilsett som ny rektor og styrar ved Indre Hafslo oppvekstsenter. Evjestad har ein variert og solid skulebakgrunn som både lærar, rektor og tidlegare skulefagleg ansvarleg i Luster kommune.

Dei siste åra har Evjestad hatt regionale prosjektstillingar; først som prosjektleiar i Sogn og Fjordane for den nasjonale skulesatsinga kalla GNIST og sidan 2014 som utviklingsretteiar i region Sogn for Ungdomstrinn i utvikling, den nasjonale satsinga på kompetanseutvikling og utviklingsarbeid i ungdomsskulane.





9a og 9b framfor veggen dei dekorerte i Uprisen-veka. Det er bilete av bokomslaga og deira tankar om det å lese.

Uprisen og bokhausten ved Luster ungdomsskule


Av Mirjam Tverberg og
Mona Solstad Vik

Utanfor glaset er det ein grå novembermorgen, nokre lønneblad klamrar seg enno fast til greinene, konturane av lysa frå Omsorgssenteret blir utsydelege av regnet som høljør ned. I klasserommet på Luster ungdomsskule er det varmt og lyst, der sit 50 niandeklassingar bøygde over heilt nye forteljingar; norske ungdomsromanar i alle sjangrar, nye bøker av norske forfattarar. Bøker som er trykte, eller som skal sendast ut frå trykkeriet i 2017.

Elevane våre les og les og les. Deretter skriv dei bokmeldingar og publiserer desse på Uprisen.no, trygge på den makta dei har fått. Det at dei har noko å sei er viktig. Det at nokon tek deira stemme på alvor set i gang prosessar; dei skal vere med å nominere kven som skal heidrast på Litteraturfestivalen på Lillehammer siste torsdagen i mai 2018.

Asbjørn Rydland vann i fjor
Elevane veit også kven som vann i fjor, det var Asbjørn Rydland. Han vitja 9a og 9b i Upriseveka onsdag 18. oktober og fortalte kor fint det kjendest at det var ungdommane sjølv, og dermed lesargruppa hans som hadde bestemt at han og boka «Galderstjerna» skulle vinne. Rydland formidla tankar

om det å vere forfattar, korleis han fann inspirasjon i rolleleikar og dataspel, han las høgt frå vinnarboka og frå andre bøker han har skrive. For oss lærarar på sidelinja vart det svært tydeleg kvifor akkurat denne hordalendingen hadde vunne, han fengsla elevane med ord. Nokre veker tidlegare vitja prosjekteieren for Uprisen: Bjarte Bakken, skulen vår. Han snakka varmt om kor stor makt og innverknad ungdommane får når dei deltek i dette prosjektet. Praktiske øvingar om det å skrive ei bokmelding, verdien av ei fengande overskrift og attendemeldingar frå forfattarane stod også på timeplanen denne fredagen. Han fortalte at dei som skriv bøkene er inne på sida kvar dag for å lese attendemeldingar, og dei profesjonelle



Uprisen.no - Her finn du bokmeldingane som elevane våre har skrive – klikk på boka og scroll nedover. Både namnet til eleven og skulen står der.

bok-kritikarane vert sette på sidelinja av 1000 ungdommar kvart år.

Desse 1000 ungdommene kjem frå 30 klassar, frå heile landet. I år var det 100 klassar som søkte, 9a og 9b på LUS kom med. Allereie 7 dagar etter søknaden vart sendt, fekk me positivt svar, og lærarane kunne ta til med å kvi seg eller gle seg. Elevane hadde sjølv «kvalifisert» seg gjennom ivrig lesing i 8.klassen. Me lærarane var ikkje i tvil om at akkurat desse elevane greidde dette arbeidet.

Hausten 2016 las dei tilsaman, mest på fritida, meir enn 100 ulike bøker. Deretter las dei 2 ungdomsromanar som me nytta i undervisninga. Det å lese for å hygge seg, skil seg ofte frå det å bli «påtvinka» ei bok som du skal lære noko av. På skulen kan me til dømes leite i bøkene etter bodskap, me har litterære samtalar og/eller skriv tekster utifrå innhaldet, og det er ikkje alltid me treffer kvar einskild med bøkene me vel å nytte.

Kvifor Uprisen og kva er det?
Saman med Norsk Litteraturfes-



Superlesarane frå begge klassane: F.v: Julie, Julius, Victoria, Amalie, Ailen og Boldizar.

tival tok «Foreningen !les» i 2006 initiativet til ei ungdomsbokkåring der ungdom sjølv les og vurderer utvalde ungdomsbøker og episke teikneseriar/biletbøker. Etter eit vellukka pilotprosjekt i 2007 med ca. 150 deltagande 9.klassingar frå fem skular, har Uprisen blitt delt ut kvart år av ein nasjonal jury. Frå 2007 til og med 2010 blei dei fem nominerte titlane valde av ein vaksenjury, men frå og med 2011-kåringa er det fem ungdommar som nominerer bøkene på bakgrunn av bokmeldingane av alle årets norske ungdomsbøker. Desse fem må søkje til prosjektleiinga og vise at dei kan vurdere. Dei fem jurymedlemmane møtest i Oslo i januar, og nominerer bøkene som juryklassane skal lese. 12 bøker har vunne prisen, 5 av desse har vore på nynorsk, det ser ikkje ut som nynorsk eller 514 sider er noko hinder, dersom det er godt skrive og fortalt så vinn du. Bøkene er så ferske at ikkje alle har «gått i trykken», men 15. desember er fristen for bokmeldingar frå anmeldarklassane. Innan den tid må alle ha lese og

vurdert seg ferdig. 9a og 9b stiller med superlesarar, desse får mellom anna PDF-filer frå trykkeria. Dei 6 har meldt seg friviljug, men får ikkje velje bøker. Dei les, som alle kritikarar må gjere; både spennande og mindre interessante bøker. Det har alle elevane gjort, og i leseperioden frå 1. september har dei diskutert innhald, ergra seg, kost seg, og nokre boktitlar har det vore venteliste på. Spennande samtalar elevane mellom, klaging på kjedelege jentebøker, sniklesing i mattetimane og forventningsfulle utbrot av typen «sant me skal lese i norsktimen?».

Mange e-bøker

Utover hausten har spennande historiar pakka i gråpapir landa i postkassa på skulen, men langt frå mange nok. Utan biblioteket og all god hjelp frå Ellen Borch Veum og dei som jobbar der hadde me slite litt med å få nok bøker til 50 elevar. Det hadde ikkje gått mange dagane etter at me fekk ja til å vere anmeldarklassa, før det kom e-post der biblioteket tilbaud oss samarbeid, kunnskap og hjelp. Alle elevane

har fått opplæring i og tilgang til E-bok-bib, (omsett: fantastisk med elektroniske bøker gjennom bibliotektenesta.) Mellom Vips, Facebook og Twitter på mobilane sine har elevane no ein liten grøn app som opnar alle bokhylle i heile Noregs land.

Mange har nytta seg av dette, og lese bøkene sine på mobilen. Andre har lasta ned appen «Lydhør» for å nytte ei lydbok. Det dei får på mobilen, kan dei også få på nettbrett, lesebrett, dataskjerm og bærbar.

Biblioteket har vore rause med utlån og bokgåver, like raust har rektor Kristin Vee saman med Knut Åge Teigen sagt ja når me har spurt. Me har kjøpt og fått rundt 60 bøker til skulen. Elevane har alltid hatt tilgang til ei ny bok, i same augneblinken som den førre var ferdig vurdert. I skrivande stund ligg elevane på golvet med mobil, brett eller bøker. Nokre ligg i sofaen, litt høgtlesing og småfnising. Inne i klasserommet sit andre att ved

Daniel Myklebust

Skrevet 5. oktober 2017 av Daniel Myklebust på Luster ungdomsskole

The Urban Legend sesong 2

Jeg leser ikke så mye, men denne boken her likte jeg veldig godt. Og den gjør norsktimene mye gøyere. Jeg vil gi denne boken terningkast 6.

Det er veldig bra tegninger, lett å lese, og tegningene beskriver veldig mye hva som skjer. Den har en super start og jeg liker det at det ikke tar lang tid før det er action i boken. På slutten handlet det om mobbing og det var like spennende som alle de andre episodene.

Boken handler om at det er en superhelt som drar rundt og forhindrer kriminalitet. Superhelten drar til forskjellige byer, på landet og på skolen.

Jeg skal gå på biblioteket og låne bok nr. 1 i denne serien.

Daniel Myklebust

pultane, ute i garderoben sit to med kvar si bok, og på e-posten vår tikkar det stadig inn meldinger av typen «ny anmeldelse fra en elev ved deres skole». To ord heng i lufta framfor

pc'en og oppsummerer godt hausten vår: Leseunger og lesegledede.

Vebjørn V. Elvekrok

Skrevet 19. oktober 2017 av Vebjørn V. Elvekrok på Luster ungdomsskole

Meménto Mori

«De døde ser deg» byr på spenning, action og overnaturlege evner, så eg tilrår ho sterkt! Denne boka er spennande frå byrjing til slutt, og derfor gir eg ho terningkast 5+.

Liw Wiik er frå Noreg, men bur i Japan der foreldra hennar jobbar for den norske ambassaden. Året er 2019. Ein sjukdom utan kur kalla «likpesten» herjar i heile verda, og Liv er smitta. Ei mørk natt vert ho og tre andre ungdommar kidnappa av mannen bak det sosiale nettverket, Oculink. Namnet hans er Everest Brox, ein mektig og innflytelsesrik mann. Kvifor kidnappe fire uskuldige ungdommar, spør du? Dette er nemleg ikkje fire heilt normale ungdommar. Desse har ei felles evne. Ei evne til å mane fram dei døde. Dette vil maktsjuke Everest utnytte, og til gjengjeld seier han at han vil kurere Likpesten. Men kva om han ikkje snakkar sant?

«De døde ser deg» er ein av dei få dystopiane eg har lese, men om alle dystopiar er som denne, kjem eg nok til å lese mange slike framover. Boka var så spennande at eg knapt kunne leggje ho frå meg. Forfattaren skildrar godt dei japanske omgivnadene, og karakterane me møter gjennom historia er truverdige og varierte. «De døde ser deg» er skriven frå både Liv og Everests synsvinkel, noko som både kan forvirre, men også gjøre boka lettare å forstå.

Eg meiner denne boka passar for både gutter og jenter som likar sjangrar som dystopi, action og fantasy i alderen 12 til 15 år fordi den er godt skriven og full av spenning.

#lusterkommune

Gjer som @hege.bjornetun, bruk #lusterkommune på flotte bilete av lustranaturen.



Gjer som @trolli77 bruk #lusterkommune på flotte bilete av lustranaturen.



Gjer som @holeteigen bruk #lusterkommune på flotte bilete av lustranaturen.



Gjer som @magnhild6875, bruk #lusterkommune på flotte bilete av lustranaturen.



Gjer som @ingerlsevigdal, bruk #lusterkommune på flotte bilete av lustranaturen.



Gjer som @lailakvamme, bruk #lusterkommune på flotte bilete av lustranaturen.



Utlevering av plastknytesekker og bioposar

No må du betale for plastknytesekker og bioposar utlevert på servicetorget.

Plastknytesekker for plastavfall og bioposar vert utlagd på dunkane ein gong i året. Dei som deler dunk, eller ikkje hadde sett ut dunken på utleveringsdagen, kan henta rullar med sekker/posar gratis på servicetorget innan ein månad

etterpå. Etter dette må du betala for plastknytesekker/bioposar utleverte på servicetorget. Prisen er kr 51 pr. rull for plastknytesekker og kr 48 pr. rull for bioposar.

Difor:

Hugs å setja ut dunken når det er utlevering av plast-/bioposane. Ekstra rullar for dei som deler dunk må hentast på

servicetorget innan ein månad etter utlegging på dunkane.

Andre prisar:

Blanke sekker for restavfall, leverast på avfallsstasjonen (10 sekker pr. rull) kr 44 pr. rull.

Raud ekstrasekk for restavfall, til å setja ut saman med dunken kr 75 pr. stk.

Hundelortposar (ikkje alltid me har på lager) kr 28 pr. rull.



Offisiell opning. Ordførar Ivar Kvalen stod for snorklipplinga.

Glimt frå Luster voksenopplæring

Offisiell opning

Onsdag 30. august vart Luster voksenopplæring offisielt opna. Ordførar Ivar Kvalen klypte sno-ra og elevane ved skulen stod for underhaldning med song og dans, og baud på tradisjonell mat frå heimlandet sitt.

A-klassen har skrive litt om Luster voksenopplæring

Me er 26 elevar ved Luster voksenopplæring. Me er delt i to klassar. Me lærer å lesa og skriva norsk. Me lærer norsk på mange måtar. Me fekk bruka skulekjøkkenet til ungdomsskulen i haustferien. Me jobba med oppskrifter, handleliste, butikken, og litermål. Me lærer litt kvar-dagsmatte. Me lærer om ulike yrke.

Me har hatt besök av banken, som har lært oss korleis me kan bruke nettbank. Me går på biblioteket på språkkafe og bokkafe. Me har vore på besök på brannstasjonen og lært om brannsikkerheit og korleis me kan sløkke brann.

Idrettslaget har vore på besök hjå oss for å informere om fritidsaktivitetar. Me har treningsstimar. Me har vore på tur. Me har hatt lekse-hjelp, og me spelar spel for å lære språket. Me har vore med å arrangere FN-dagen og internasjonal dag.

Me lærer om korleis det er å bu i Norge. Me som har barn og bur i Gaupne syns det er bra å gå på skule her, då slepp me reise mykje med buss.





Sahro

Eg heiter Sahro, er 32 år gammal og er elev på Luster vaksenopplæring. Eg kjem frå Somalia og har budd i Norge i 3 år. På skulen øver norsk. Vi snakkar norsk, skriv norsk og les bok. Eg har skulepraksis to dagar i veka på omsorgssentret.

Eg trivst godt i Luster vaksenopplæring. Før var norskopplæring i Sogndal, og då måtte eg ta buss veldig tidleg og kom veldig seint heim. No kan eg gå til skulen.

Rune og Birgit er lærarar. Rune er kjempesnill.

26 studentar er med på norskopplæringa.

Me er delte i to grupper med ein lærar i kvar gruppe.

Skulen er ny og fin med gode stolar .

Skulen er ni til tre kvar dag. På skulen har me lesing og skriving.

Me skriv med penn og på PC.



Norskkskurs for arbeidsinnvandrarar

Luster kommune har saman med Folkeuniversitetet i Sogn og Fjordane teke initiativ til norsk-kurs for arbeidsinnvandrarar.

Arbeidsinnvandrarar har ikkje nokon rett til norskopplæring, og dette er såleis eit ekstra tilbod til dei. Luster kommune finansierer 50 % av kurset, medan bedriftene der deltakarane er tilsette tek resten. Det er og noko eigenbetaling frå somme

av deltakarane. Interessa for kurset har vore god. Det er deltakarar frå fleire bedrifter: Avery Dennison NTP, Fjordglas, Gaupnetunet, Skjolden hotell, Luster service, Kroken frukt og bær, Landbrukstenester Sogn, Luster grønt og Allianceplus.

Totalt er det 30 deltakarar som har undervisning to kveldar i veka. Det er Agnetha Lund og Elisabeth Alme som er lærarar.

Sjølv om det kan vere tøft med to kurskveldar i veka etter jobb, er stemninga og læringa på kursa god. Luster kommune ser det som viktig at innvandrarar lærer seg bra norsk slik at dei kan delta aktivt i samfunnslivet og bli godt integrerte.

Det vert no arbeidd med ein oppfylgjar, eit vidaregåande norskkurs.

Lærlingar

Luster kommune har også i 2017 hatt mange lærlingar. Me har hatt lærlingar i kontor og administrasjonsfaget, IKT, helsefaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget. Fleire av desse har no fullført læretida, bestått fagprøven og er klare for arbeidslivet som fagarbeidrarar:

Eirik Glendrange, dataelektronikar
 Ingrid Haukadal, kontor- og administrasjon
 Bent Ole Bolstad, helsearbeidar
 Sunniva Othilie Viken Oppedal, barne- og ungdomsarbeidar
 Linn Therese Skagen, barne- og ungdomsarbeidar

Hausten 2017 tok kommunen i mot seks nye lærlingar innan IKT, helse og barne og ungdomsarbeidarfaget. Dei er no godt i gang med læretida si.



Desse har fullført læretida si og er klare for arbeidslivet som fagarbeidrarar: F.v. Bent Ole Bolstad (omsorgsarbeidarfaget), Eirik Glendrange (IKT), Sunniva Oppedal (barne- og ungdomsarbeidarfaget), Linn Therese Skagen (barne- og ungdomsarbeidarfaget) og Ingrid Haukadal (kontor og administrasjonsfaget). Arkivfoto frå 2015.



Framme frå venstre: Siri Sandvik, Helene Selland, Celine Eikefjord (vara), Marita Holen Leirdal (vara), Venessa Joranger, Inger Anne Bruheim, Jonatan Hurthi, Anja Kvalsøren, Victoria Veum (vara) , Mathea Moen (vara).
 Bak frå venstre: Karol Jozef Szczypka, Lene Teigen (vara), Vebjørn Viem Elvekrok, Rasmus Tennø Loe (vara), Kine Hauge, Jacob Sandvik, Kolbein Eide Bukve, Harald Søvde (vara), Marie Skamsar Aasen, Sigbjørn Leirdal (vara).
 Vararepresentantane Maria Kalhagen og Emma Maria Sognnes Heltne var ikke til stades då biletet vart teke.

Ungdommen sitt kommunestyre 2017/18:

Ein flott gjeng valde av og for ungdommen i kommunen.

Arbeidsutvalet for ungdommen sitt kommunestyre 2017/18:

Frå venstre: Jonatan Hurthi,
 Marie Skamsar Aasen, Inger Anne
 Bruheim og Kolbein Eide Bukve.
 Marie Skamsar Aasen er vald som
 leiar, Jonatan Hurthi som nestleiar
 og Kolbein Eide Bukve som med-
 lem. Inger Anne Bruheim er vara-
 medlem i arbeidsutvalet.
 Me ynskjer alle lukke til med arbei-
 det!





Luster eldreråd arrangerer eldredagen og representerer dei eldre i kommunalt arbeid. Frå venstre: Kjartan Kvien, Torvald Bakken, Sigrid Hamre Nyseth, Gunnhild Brun og leiar Johannes Lad. Ordførar Ivar Kvalen er også medlem i rådet. Ivar sa til forsamlinga at «eldrerådet helde ordføraren i øyrene og passar på at kommunen gjere det me har sagt me vil gjere».



Eldredagen – varm samkome i

Eldrerådet i Luster kommune inviterte til eldredag, i år så seint som 9. november. Vêret var regn og vind, men på Eikum hotell var det fint og godt å vere for dei 80 som deltok. Det var informasjon frå kommunen om eldreomsorga på ulike nivå. Rådmann Jarle Skartun forklarde korleis kommunen legg til rette for tenester på fleire nivå i omsorgstroppi etter ein plan, med ein del endringar, vedteken av kommunestyret i 2016. Ludvig i Flåklypa seier «det er

fali det». Me prøver å møte endringar på ein god måte. Me driv mykje godt førebyggande arbeid for at lusteringar skal få bu heime lengst mogleg. Dette arbeidet vert forsterka og omgrep som velferdsteknologi og kvardags-rehabilitering blir nytta i denne satsinga. Det er mykje god hjelp å få i heimen og tilbod om aktivitetar og møteplassar for å førebygge einsemd. Frivilligsentralen og lag og organisasjonar gjer ein god jobb her. På Hafslø tilbyr me

omsorgsbustader og omsorgsplassar med heildøgnstenester for personar med demenssjukdom. Der er og dagsentertilbod for demente. I Gaupne har me omsorgsbustader, omsorgsplassar med heildøgnstenester og kortidsavdeling som me har lukkast godt med. I Luster har me omsorgsbustader og langtidsplassar. Det har vore noko styr med endringar i kjøktenesta, men me trur at det har gått seg til og at resultatet blir bra. Henning Lad underheldt med



God mat må det vere i godt lag.



Kjekt er det når du treffer kjentfolk. Desse damene kosa seg på eldredagen: Frå venstre Gunnhild Øvregard, Olga Løvfald og Liv Torunn Nyøygard.



Helene Myklemyr Bolstad er drivande flinke med trekkspelet. Ho fekk forsamlinga med på allsongar om sjømannslivet. Kjende og kjære melodiar med fin song.



novemberblæsten

flott song, Helene Myklemyr Bolstad spelte trekkspele og fekk salen med på allsongar til temaet sjømannsliv, og Svein Solheim fortalte frå eit spennande yrkesliv som ubåtkaptein.

Svein Solheim hadde planar om å gå lærarskulen etter gymnaset, men slik vart det ikkje. Han og ein kompis gjekk befalskulen. Det var så interessant at Svein valde å gå vidare i forsvaret med fire år på sjøkrigsskulen og leiropplæring. So tok Svein valet, han søkte spenning og det ukjende, og valet vart ubåt. Svein synar biletet og fortel levande om livet på utbåten. Han vil ta publikum med på ein tur:

- Tenk at de sit i ubåten saman med 19 andre og me gjer oss klare til å gå under overflata, me går gjennom prosedyrane våre. Dykker i Fedjeosen, sør for Fedje, og tek ein god posisjon som utgangspunkt for vidare siglas. Dykketrim er sett, ventilar sjekka, oppdatering med krypterte meldingar. Det er faste meldingar når me går opp og når me dykker ned.

Me kjenner at me er med på båten når Svein fortel, det er alvor med den kalde krigen, men

og latter og mykje humor som då dei skremde ein reketrålar.
- Nokre gonger hadde me lengre tokt i Barentshavet, spesielle og hemmelege oppdrag. På det meste var me neddykka i 3 veker! Det var krevjande for alle. Me gjekk på omgang for å sjå dagslys i periskopet. Svein fortel at han ikkje fann «heimesenga» fyrste veka etter eit tokt. - Ungane var skeptiske til den «framande mannen». I følgje Bjørg Marit kunne eg gje ordrar sitjande,sovande i senga. Me takkar for turen om bord, takkar for instruksane og leiinga, humor og alvor frå Kaptein Solheim.



S315, ubåten der Svein Solheim er kaptein. 20 personar i lag. På det meste var dei neddykka i 3 veker. - Då veksla me på å gå til periskopet for å få dagslys.



Henning Lad, heime frå studiar i Oslo, besøkte eldredagen og glede oss med gitarspel og flott song. «For ei stemme han har den guten», kviskra dei attmed meg på bordet.



Svein Solheim fortalte og synte bilete og film frå eit spennande liv til sjøs, m.a. som ubåtkaptein.



Den 4. oktober i år arrangerte me sårkurs med sårsjukepleiar Stian Folkestad. Han er tilsett hjå Mølnlycke. Alle tilsette i omsorgstenesta fekk tilbod om å delta. Me var 35 deltagarar frå både Hafslo, Luster og Gaupne omsorgssenter som fekk god oppdatering på det siste nye på sårfronten.

Gaupne omsorgssenter – litt om oss

Etter godt over eit halvt år inn i ny organisering vil me her gje ein liten statusrapport frå Gaupne omsorgssenter. 20. februar i år starta me opp med ny organisering. Hovudtrekket her er at 20 langtidsplassar ved Gaupne omsorgssenter, dvs. sjukeheimsdelen, vart omgjort til omsorgsplassar med heildøgns pleie og omsorg. Me gjekk eit steg ned på omsorgstrappa, og det er tilsette i heimetenesta som no yter tenester til denne bebuargruppa.

I samband med omlegging til omsorgsplass, har ein del tilsette i sjukeheimstenesta fått endra arbeidsplass frå sjukeheimstenesta til heimetenesta. Sjukeheimstenesta og heimetenesta

har ulike måtar å jobbe på, noko som har skapt ein del utfordringar, spesielt for dei tilsette som tidlegare ikkje har jobba i heimetenesta.
For pasientane som tidlegare hadde langtidsopphald i institusjon, har endringane i samband med omorganiseringa m.a. bestått i at dei no betalar husleige og søker på tenester som t.d. heimehjelp, heimesjukepleie etc.

Endring av serveringstider
Tidspunkt for servering av middag er flytta frå kl. 13.00 til kl. 15.30 på kvardagar. Det er innført lunsj kl. 12.30. På helg og helgedagar er det middagsservering kl. 13.00. Kaffi med kaffimat vert servert i 16-tida, og det er som oftast noko godt til kvelds, gjerne varmrett.

Sommaravviklinga i år gjekk kjempeflott! Kjekke sommarvirkarar, mange under helsefagleg utdanning. Tilsette stilte opp og tok ekstra vakter, og me hadde 10 tilsette som flytta sommarferien sin. Summen av alt dette gjorde at me har klart sommaravvikling utan vikarbyrå. Dette er me svært glade for!

Me tilbyr:

Nedanfor er noko av det me tilbyr og jobbar med utanom direkte heimesjukepleie, heimehjelp og behandling/ oppfølging på korttidsavdelinga:

- Luster kommune har fått kontaktperson for oksygenbrukarar. Dette er noko som har vore etterspurt av heimebuande som brukar oksygen. Bente Grytten, sjukepleiar

ved Gaupne omsorgssenter, har vore på samlingar i Førde og Bergen for å få meir kunnskap. Ho er tilgjengeleg for alle i kommunen som har heimeoksygen.

- Tove Molland er høyrselkontakt. Ho har basen sin ved heimetenesta i Gaupne.
- Gaupne omsorgssenter er med i eit læringsnettverk i pasienttryggleik saman med kommunar som Askvoll, Stryn, Vågsøy og Førde. Luster omsorgssenter er òg med. Frå Gaupne omsorgssenter deltek Sissel Hovland, Annbjørg Kvam, Karianne Sanden, Lillian Bolstad, Henriette Sandvik og Tone Kjærvik Kveane. Gjennom dette nettverket får tilsette opplæring på bruk av risikotavler. Målet er auka fokus på risikoområde som fall, ernæring, medikamentendring, sår og tannhelse.
- Ressurssjukepleiarane i kreftomsorg og lindrande

behandling i Luster kommune er tilsett ved Gaupne omsorgssenter. Dette er Marit Kristin Melheim og Milly Kriens Velthuijs. Dei får jamleg fagleg påfyll frå nettverket for ressurssjukepleiarar i kommunane. Initiativtakarane til dette nettverket er Kreftforeningen seksjon Vest, kompetansesenter for lindrande behandling Helseregion Vest og Kreftavdelinga ved Helse Førde. Målet med dette nettverket er å sikre kvalitet og kontinuitet i pleie og omsorgstilbodet til kreftpasientar, og pasientar med behov for lindrande behandling. Omsorgstilbodet skal også inkludere pårørande. Målet er at pasient og familie skal oppleve god kvalitet, tryggleik og samhandling i alle nivå av helsetenesta.

- Ernæring: Kontaktpersonar her er Anette Hauge Øvrebø og Nelly Torunn Øygard. Dei får fagleg påfyll om temaet

ernæring, og kva som er forventa av helsepersonell i høve dette fagområdet. Deira oppgåve er å rettleie andre tilsette i forhold til kva tiltak som skal settast i verk.

- Den offentlege tannhelsa har samarbeid med kommunane. Kontaktpersonar ved Gaupne omsorgssenter er Mette Grov Ruud og Nelly Torunn Øygard.

All ros til personalet. Ein flott gjeng som er fleksible og har stå på vilje!

Saman med Stamina arrangerte me fagdag på Gaupne omsorgssenter den 18. oktober. 45 av dei tilsette fekk friska opp att kunnskap innan psykososialt arbeidsmiljø. Same dagen fekk og 32 tilsette gjennomført og godkjent førstehjelpskurs med HLR! Dagen etter hadde vi tilsyn av hygienesjukepleiar frå Helse Førde og undervisning i smittevern og hygiene. Her møtte det 16 tilsette.



Prosjekt og vidareutvikling i omsorgstenesta

Nytt prosjekt - «Ein Innovativ tenestemodell i demensomsorga»

Luster kommune har fått midlar frå helsedirektoratet til å vere med i eit prosjekt, der målet er at demente skal kunne bu heime lengst mogeleg. Prosjektet er kome i stand som følge av Demensplan 2020. Demensplan 2020 er eit dokument frå helse- og omsorgsdepartementet som seier noko om korleis helse- og omsorgstenester skal utviklast i framtida. Prosjektet heiter «Ein Innovativ tenestemodell i demensomsorga». Betre utnytting av nivåa i omsorgstrappa er noko av det prosjektgruppa skal arbeide med.

Mange heimebuande demente får i dag store deler av tenestene sine ytt av pårørande fram til omsorgsbehovet er så stort at vedkomande treng eit høgare omsorgsnivå, t.d. omsorgsplass med heildøgns teneste. Ein studie (Redic 2015) syner at heimetenesta yter i snitt 4 timer hjelp i veka, og dei pårørande 30 timer hjelp i veka siste tida før den demente får heildøgns plass. Dette tyder på at det er for lite oppfølging frå kommunane si side i perioden etter at vedkomande har fått ein demensdiagnose. Målet er at dette skal bli betre. Gjennom dette prosjektet håpar me å finna ulike løysingar som vil vere til betre hjelp for dei demente og deira pårørande.

Hafslo omsorgssenter

Alarmanlegg

Frå november dette året er det installert nytt alarmanlegg på Hafslo omsorgssenter. Leverandøren EveryCare har levert eit framtidsretta alarmanlegg som handterer framtida sine



løysingar med stort fokus på brukartryggleik. Det er eit moderne alarmanlegg som inneholder mykje velferdsteknologi. Det er blant anna sensorar som registrerer bevegelse, opning av dørar og om brukaren oppheld seg i seng. Det nye alarmanlegget har også mobile tryggleiksalarmer med GPS og elektroniske dørlåsar.

Det vil i framtida bli jobba med å få installert same type alarmanlegg på omsorgssentra i Gaupne og Luster.

Dagsenter for personar med ein demenssjukdom

Dagsenteret ved Hafslo omsorgssenter gir eit aktivitetstilbod til heimebuande som har fått diagnosen, eller er under utgreiing for, demens. Samstundes som tilbodet gir tryggleik og aktivitet for brukaren, gir det også ei fristund for dei pårørande. *Dagsenteret er ope måndag, onsdag og fredag kl. 09.30-15.00.*

Dagsenteret har nyleg fått eigen bil. Brukarane vert henta ca. kl. 09.00 (avhengig av kor ein

bur i kommunen) av personalet på dagsenteret. At det kjem ein kjent person og hentar, gir tryggleik både for brukar og pårørande, og ein kan også utvikle viktig informasjon. Eigen bil gir også mogelegeheter for utflukter/ bilturar.

Søknadsskjema om plass på dagsenteret er det same som for andre omsorgstenester, og ein finn det på kommunen si heimeside, eller ved å venda seg til omsorgssentra eller til serviceporten på rådhuset.

Sansehage

På Hafslo omsorgssenter arbeider ein no med å få i stand ein sansehage. Det er satt opp gjerde rundt alt grøntarealet, slik at alle kan bevege seg her på eiga hand. Nokre område er også asfaltert for at dei som brukar rullestol og rullator skal kunne koma seg rundt i hagen. Bærbusker, frukttrær og rabarbra er planta, og ein er i gang med å få klargjort eit opphøga bed til jordbær. Det skal også lagast eit opphøga bed til blomster. Det er kjøpt inn drivhus slik at ein til



Skal bli tennbrikker.



Kaffikos.



Skal bli juledekorasjon.

våren kan dyrke litt grønsaker. Desse grepene som her er nemnde vil gjera det lettare for dei eldre å ta del i mellom anna plukking. Dagsenteret vil få hovudansvaret for planting, stell og innhausting.

Til våren vert det satt opp ein gapahuk og nokre benker og bord rundt omkring i hagen. Med denne oppgraderinga av hagen, håpar ein at alle brukargruppene på Hafslo omsorgssenter vil nytta hagen til ulike aktivitetar, eller berre ha ei hyggeleg stund saman med andre.



Song og musikk på Luster omsorgssenter

Gjennom heile året prøver me å skape trivsel og gjere kvarden god for beboarane. Song og musikk er eit viktig innslag og skapar engasjement og glede.


Gamle, gjenkjennelege melodiar vekker gode minne.

Det er mange som gjennom året bidreg med underhaldning.

Terje Kjær og Roland Johansen, Johan Heltne og Røde Kors besöksteneste, er nokon av aktørane i inneverande år.

I november var det allsong kvar veke. Jon Skjeldestad spelte piano, og Gudleik og Bjørg Hovland, Gerd Heltne og Gyda Hauge Alme var med. Då deltok me med «den stemma me har» eller berre lytta til.

Me seier mange takk til alle saman!





Nasjonalt demensprosjekt

Luster har saman med 13 andre kommunar kome med i eit nasjonalt prosjekt der ein skal prøve ut ulike modellar for personar med demens som bur heime. Målsetjinga med prosjektet er skildra slik i tildelingsskrivet frå Helsedirektoratet:

«Hovedmålet med tilskuddsordningen er å utvikle og prøve ut modeller for systematisk oppfølging etter demensdiagnose i form av pilotprosjekter som skal testes ut i enkelte kommuner. Personer med demens og deres pårørende skal gis systematisk oppfølging etter diagnose og under sykdomsforløpet. Det skal gis informasjon og tilbud om «rett» tiltak eller tjeneste til «rett tid». Målet er at oppfølgingen skal:

- bidra til bedre behovsdekning, kontinuitet, trygghet og forutsigbarhet i tjenestetilbuet for personer med demens og deres pårørende den siste tiden før det gis heldøgns omsorgstjenester.
- gi bedre ressursutnyttelse for kommunene, ved at “trinnet i omsorgstrappen” før

heldøgns omsorgstjeneste utnyttes.»

Deltaking i prosjektet passar godt med utviklingsarbeidet i omsorgstenesta, og under dette etablering av Hafslø omsorgssenter som eit kompetansesenter. Prosjektet passar også godt med Nasjonalforeningen for folkehelsen og Gaupne helselag sitt arbeid mot eit demensvenleg samfunn (jf. modell under).

Det vil bli etablert ein prosjektorganisasjon med ei styrringsgruppe, prosjektgruppe, arbeidsgrupper (etter behov) og referansegruppe. Viktige eksterne samarbeidspartar vil vere Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane, Høgskulen på Vestlandet, Helse Førde, Sogn Frisklivs- og meistringssenter, Nasjonalforeningen for folkehelsen, Gaupne helselag og næringsliv (Merkur – program).

Samarbeidet med Utviklings-senteret (USHT) vert viktig og USHT skal i hovudsak bidra med rettleiing på fag og prosess, erfarsingsdeling og spreiling av

resultat. USHT ser dette prosjektet i lys av andre satsingar innan demensfeltet. Det gjer det mogeleg å hente synergieffektar frå fleire utviklingsarbeid og samordne aktivitetar der det er aktuelt. Det er særskilt relevant i samband med eit pågående interkommunalt prosjekt innanfor systematisk oppfølging etter demensdiagnose, som er leia av Førde kommune. Spreiling av modell og erfaringar skal gjerast på fylkesvise fagseminar/konferansar og gjennom samarbeidsstrukturen til USHT-ane på Vestlandet.

Fagleiar ved Hafslø omsorgssenter, Margrete Søhoel Røneid, vert prosjektleiar, og så langt er det avklara at Anne Grete Fredheim, Anja Bergheim Øygard, Marit Elin Horne Skjerven og Heidi Bolstad vert med i prosjektgruppa.

Det vil no bli arbeidd vidare med etablering av prosjektorganisasjonen, og me kjem tilbake med utfyllande informasjon om dette.



"Betre balanse"-gruppene

Styrke- og balanseøvingar for «godt vaksne». Rullator inga hindring! Gruppene er leia av fysioterapeut og held til på arbeidsstova på omsorgssenteret. Etter trimmen er det tid for kaffi, mat og «svadl».

Pris: Tilbodet kostar 50 kroner per gong for mat og trim.

Gratis transport:

Du ringjer *Servicetorget i Luster kommune tlf. 57 68 55 00* (opnings-tid kl. 08.00 - 15.30) for å bestille transport. Siste frist er kl. 10.00.

Tidspunkt:

Gaupne omsorgssenter:	Måndag kl. 13.30 – 15.00
Luster omsorgssenter:	Tysdag kl. 13.30 – 15.00
Hafslø omsorgssenter:	Tysdag kl. 14.30 - 16.00

Høyrest dette kjekt ut? Ta kontakt, eller berre møt opp!

Linda Hermansen	57 68 57 07 (Luster og Gaupne)
Erik Sannebro	57 68 58 19 (Hafslø)
Kari Ingeborg Bukve	57 68 56 20

Velkommen!



Hjarteleg takk



Hjarteleg takk for minnegåva
me fekk i høve
Johanna Bakken
si gravferd.

Helsing
Luster omsorgssenter
Liv Hunshamar
Einingsleiar

*

Hjarteleg takk for minnegåva
me fekk etter
Magnhild Finstad
si gravferd.

Helsing
Hafslø omsorgssenter
Ruth Karin Kvam
Einingsleiar

*

Hjarteleg takk for minnegåva
me fekk til Gaupne heimete-neste og aktivitetsstova i høve
Gjertrud Svori
si gravferd.

Helsing
Gaupne omsorgssenter
Tone Kjærvik Kveane
Einingsleiar

Sørvina Neset 100 år

Den 24. juni 2017 feira Sørvina Neset 100-års-dag på Veitastrond i lag med barn, barnebarn, oldebarn, tippoldebarn og gode vener. Ordførar Ivar Kvalen hadde med blomsterhelsing frå Luster kommune til den spreke jubilanten. Foto: Solrun Neset.

Transporttilbod 2018

Kommunane får kvart år midlar fra fylkeskommunen til transportteneste for funksjonshemma (TT). Serviseskyss (SS) vert også finansiert av fylkeskommunen. Tide buss har ansvaret for tilboden, og leiger inn Taxiservice til å køyra rutene. Brukarane nyttar Serviseskyssen som tidegare, sjølv om det er endringar i organiseringa. Tilboda er først og fremst retta mot eldre og/eller funksjonshemma, men Servicesskyssen kan nyttast av alle som treng transport og vanskeleg kan bruka buss.

Serviceskyss 2018

Det er inga form for godkjenning for å nyitta tilboden. På faste dagar kvar månad og til fastsett tid vert det sett opp drosje i rute i ulike delar av kommunen. Starttidene kan variera noko fordi ein har varierande tal passasjerar. Rutene går sjølvsagt i retur seinare på dagen. Alle passasjerar som ønsker å nyitta Serviceskyssen må bestilla hjå **Taxiservice 57 68 16 20 innan kl. 18 dagen før turen.** Då avtalar ein også tidspunkt for henting.

Eigenbetaling kr 30 kvar veg. Du kan bruka ei rute i motsett retning av det som er sett opp. T.d. følgja frå Gaupne til Luster dersom du har ærend dit, eller følgja ruta berre ein veg og nyitta annan skyss attende.

Nokre gonger går Serviceskyssen til bygdesentra, der ein finn butikk, post, kafé o.l. Kvar eller annakvar månad vil rutene gå til Gaupne frå alle delar av kommunen. Det kan verta endringar av tilboden frå sommaren 2018. Taxiservice informerer om endringar i rutetilboden.

OBS - Rutene vert ikkje køyrde dersom ingen bestiller skyss - OBS

Rutetider

Sørsida – Fortun - Skjolden –

Gaupne:

Andre og fjerde torsdag i månaden: Frå Skjolden ca. kl. 10, retur ca. kl. 13.

Nes – Luster + Lustrabygdi rundt:

Første og tredje tysdag i månaden: Frå Nes ca. kl. 12, retur ca. kl. 14.

Luster – Gaupne:

Andre og fjerde torsdag i månaden saman med ruta Skjolden – Gaupne.

Gaupne rundt:

Andre og fjerde måndag i månaden: Frå Pyramiden ca. kl. 13, retur ca. kl. 15.

Jostedal rundt:

Lokal rute fjerde tysdag i månaden: Frå Gjerde ca. kl. 10.30, retur kl. 12.30.

Jostedal – Gaupne:

Følgjande datoar: 09.01., 13.3., 8.5., 10.7., 11.09., 14.11., 11.12. Frå Gjerde ca. kl. 11.30, retur ca. kl. 13.30.

Indre Hafslo:

en. Mollandsmarki kan også bestilla på denne ruta. Frå Falkegjerdet ca. kl. 12, retur frå Gaupne ca. kl. 14.

Solvorn – Hafslo + Hafslo rundt:

Andre og fjerde fredag i månaden. Frå Solvorn ca. kl. 10, retur ca. kl. 13.

Transporttenesta for funksjonshemma



Tilboden skal vera ein inspirasjon til «å koma seg utom døra», men det er på ingen måte meint å dekka heile transportbehovet til brukaren. Brukarar av dette tilboden må ha ei godkjenning. Grunnlaget for godkjenninga er funksjonshemming i høve transport/utandørs forflytting over større avstandar. Søknad om å verta godkjend som brukar av transporttenesta kan sendast inn heile året. Søknadane vert handskama seks gonger årleg.

Ved første gongs tildeling får alle brukarar tilsendt eit magnetkort som dei må passa godt på, og alltid ha med seg når dei nyttar Transporttenesta.

Ved nyttår vert midlane fordelt mellom brukarane og lagt inn i brukarkortet elektronisk. Dersom kommunen får tildelt ekstraløyvingar, vert desse midlane fordelt omkring midtsommar, og lagt til i brukarkortet på same måte. TT-kortet skal ikkje brukast til å betala turar som i stor grad vert betalt av andre instansar, som t.d. tur til lege og fysioterapi.

Søknadsskjema og nærmere informasjon kan ein få ved å venda seg til Servicetorget på rådhuset tel. 57 68 55 00 eller ergoterapistensta på Helsecenteret tel. 57 68 56 21.

Sjukehusbussen er blitt ordinær bussrute med normale takstar og rabattar

Helse Førde informerer om endringar for sjukehusbussen Lærdal - Førde - Lærdal, som har tilførselrute innover Lustrafjorden.

Sjukehusbussen blir no køyrd som ei ordinær bussrute med normale takstar og rabattar.

Dette betalar pasientane sjølv, og søker refusjon frå Pasientreiser i ettertid.

Helse Førde har denne informasjonen på heimesida si:

Frå og med 19. juni 2017 starta sjukehusbussen til og frå Sogn i Øvre Årdal, og ikkje i Lærdal som tidlegare. For passasjerar frå Lærdal går det eigen tilførslebuss til ruta.

- Det er naturleg å gjere denne endringa ettersom vi har langt fleire passasjerar frå Årdal enn frå Lærdal, opplyser Vidar Øvrebø i Pasientreiser i Helse Førde. Ruta startar på Farnes i



Øvre Årdal kvardagar klokka 06.30 og tek ferje frå Fodnes 07.20. Frå same tidspunkt blir også bussen betjent av ein sjåfør, og ikkje to som tidlegare.

- Dette er den same endringa som vi gjorde i Nordfjord for to år sidan, og det har vist seg å gå heilt problemfritt, fortel Øvrebø. – Rutene blir trafikkerte av moderne, universelt utforma bussar som sikrar ei behageleg reise for dei fleste. Dei som av medisinske årsaker ikkje kan nytte bussen, skaffar vi alternativ transport etter behov.

Med dette blir sjukehusbussen no køyrd som ei ordinær bussrute, med normale takstar og rabattar. Dette betaler pasientane sjølv, og dei kan søke refusjon frå Pasientreiser i ettertid. I tillegg til tilførslebussen frå Lærdal vil det gå tilførslebusar frå Fortun/Luster og Hella/Leikanger som korresponderer med ruta i Sogndal. Motsett veg går ruta frå Førde sentralsjukehus klokka 15, med dei same korrespondanserutene tilbake.

www.pasientreiser.no

Digital sjukemelding

Den digitale sjukefråværsoppfølginga er på full fart inn i arbeidslivet. Dette vil forenkle kvardagen og betre samhandlinga mellom arbeidstakar, sjukmeldar, arbeidsgjevar og NAV. Fleirtalet av sjukmelde arbeidstakarar kan no ta i mot og sende sjukmeldinga elektronisk til arbeidsgjevaren sin. Fleire funksjonar kjem til etter kvart.

Les om digital sjukemelding på nav.no

Korleis logge inn på Ditt NAV og få tilgang til saka di som privatperson:

På nettet må du legitimere deg med ein personleg elektronisk legitimasjon, som for eksempel BankID på mobil. BankID på mobil er ein personlig elektronisk legitimasjon, det er sikkerheitsnivå 4 som gir full tilgang til alle tenesta på Ditt NAV.

Korleis skaffar du deg BankID på mobil:

1. Ta kontakt med banken din og be om BankID.
2. Banken sender deg ei kodebrikke.
3. Logg inn i nettbanken din med BankID og aktiver BankID på mobil.

Du vil no kunne sende og ta imot tilbakemeldingar frå NAV, du vil kunne ha innsyn i eiga sak og sende søknad elektronisk. Frå desember vil du også kunne delta aktivt i din eigen plan for oppfølging og dei aktivitetar du deltek på.



Høgskulestudentar inn i barnefattigdomsprosjektet

«Med samla innsats, mot fattigdom hjå barnefamiliar i Luster»

Som tidlegare nemnt i Lustranytt har NAV Luster fått tilkjent tilskotsmidlar, finansiert av arbeids og velferds direktoratet gjennom fylkesmannen.

Prosjekt-koordinatorane Linda Huseby og Trine-Anita Systad fortel at NAV Luster har eit godt samarbeid med Høgskulen på Vestlandet. -I den forbindelse har me vore så heldige å få med oss studentar som skal ha prosjektpaktsis hjå oss i 10 veker. Det er fire studentar som skal vere med oss i gruppa retta mot barnefattigdom og dei skal ha fokus på brukarmedverknad. Målet er at dei skal få betre innsikt i tverrfagleg samarbeid, og dei ynskjer å finne ut korleis brukarane opplever møtet med dei ulike einingane i kommunen.



Frå venstre: Kaja Hovland, Randi Alme, Andrea Mjell og Ruby Thurupan. Dette er ei tverrfagleg studentgruppe, frå sosialt arbeid og barnevern.

Kommuneplanarbeid

Luster kommune er midt i arbeidet med å revidera kommuneplanen – både samfunnsdel og arealdel.

I løpet av tre veker i oktober/



Frå møtet om kommuneplanarbeidet på Hafslø 18. oktober.

november vart det gjennomført i alt 8 bygdemøte der tema var både samfunnsdelen og arealdelen.

Det er kome mange ulike innspel

til kommunen etter bygdemøta og alle skal vurderast av rådmannen. Innspela er delt i tre grupper:

Samfunnsdelen har vore utlagt til offentleg ettersyn og skal sluttandsamast av kommunestyret 14. desember.

Planprogrammet for arealdelen har også vore utlagt til offentleg ettersyn i same periode. I samband med høyringa var det eit mål å få inn alle innspel til arealendringar som skal handsamast gjennom ei konsekvensvurdering. Kommunestyret tek stilling kva innspel som skal



Planomtale Detaljreguleringsplan for sentrale delar av Heggmyrane

PlanID: 1426-2013005
Dato: 07.09.2017



Reguleringsarbeid

Det blir vist til omtale av «Planar under arbeid» i sommar- nummeret av Lustranytt.

Vedtekne planar

Etter den tid har kommunestyret

handsamast vidare i møte 14. desember. Arbeidet med å utforma arealdelen vil gå utover vinteren og sjølve planen vert lagt ut til offentleg ettersyn i mars 2018, med vedtak i juni. Føresetnad er m.a. at det ikkje vert så store endringar at den må leggjast ut til nytt offentleg ettersyn.

Andre innspel: Dette er innspel som meir er knytt til budsjettsaker og reguleringsendringar. Desse sakene vil rådmannen ta vidare politisk og / eller administrativt nivå for ev vidare oppfylging.

vedteke 2 av dei planane som då var omtala. Reguleringsplan for Botn, Hafslo og reguleringsplan for Sogn Motorsportsenter, Leirmoøygarden, vart vedtekne av kommunestyret 21.09.2017. Reguleringsplanen for Botn vart fremja som privat planframlegg av Hans Nes Bygg AS. Planområdet er på om lag 90 daa og legg til rette for bygging av 130 bueiningar. Dette er det mest omfattande private reguleringsframlegget som til no er fremja i Luster.

Planen for Sogn Motorsportsenter omfattar eit areal på 105 daa og skal nyttast til utbygging av motorsportbaner med tilhøyrande anlegg

I møte 14.06.2017 vedtok kommunestyret 2 reguleringsplanar som ikkje var omtala i førra nr. av Lustranytt.

Reguleringsplan for Dale sentrum legg m.a. til rette for betring av trafikkmiljøet langs Fv 55 på strekninga frå Dale

kyrkje mot Luster oppvekstsenter. Det kan no byggjast gangveg forbi gravplassen. I tillegg legg planen til rette for bygging av busshaldeplass og parkeringsplassar.

Reguleringsplan for Gaupne brannstasjon på Røneidsgrandane. Vedteken av kommunestyret 14.06.2017. Planen legg til rette for etablering av treningsområde for Sogn brann- og redning i tilknyting til den nye brannstasjonen.

Arbeid som nærmar seg avslutting

Reguleringsframlegg for dei sentrale delane av Heggmyrane omfattar eit areal på 2600 daa. Plan- og forvaltningsstyret vedtok i møte 04.09.2017 å ta anlegg for skiskyting ut av planframlegget. Framlegget vart deretter lagt ut til offentleg ettersyn for 3. gong. Det blir no teke siktet på at kommunestyret kan vedta denne reguleringsplanen på møtet i desember.

Adresseprosjektet held fram i 2018

Arbeid med adresseprosjekt for heile kommunen starta opp i 2014. Det er eit krav om at ein ved sida av gards- og bruksnummer skal ha vegadresser dvs vegnamn og husnummer.

Adressenamn er i hovudsak vedtekne, men me beklagar at det framleis gjenstår litt arbeid med nye adresser og omadressering. Dette arbeidet må me få fullført i løpet av kort tid.

Skilt

Husnummerskilt har vore bestilt i to rundar, og no i desember går det ut skilt til dei som er tildelt adresse, og som har bestilt husnummerskilt via kommunen.

Det går også ut husnummerskilt til dei som har hatt adresse før, men som kommunen har gjeve ny adresse. Dei får skilt frå kommunen.

Arbeidet fortset i 2018 med dei siste adressetildeilingane og vegskilting, slik at me i løpet av sommaren får på plass også vegnamnskilta.



Ingrid Haukadal har pakka mange skilt og sendt ut no fram mot jul.

Tilskotsordning for kasserte fritidsbåtar

Stortinget har vedteke ein statleg finansiert tilskotsordning for kasserte fritidsbåtar. Ordninga tok til å gjelde 1. oktober.



Tilskotsordninga skal bidra til å sikre forsvarleg handsaming av kasserte båtar og stimulere til auka innsamling til materialgjenvinning og anna lovleg handsaming av desse og slik førebygge at kasserte fritidsbåtar kjem på avvege.

Kva typar båtar inngår i ordninga og kan leverast på miljøstasjonen:

Med fritidsbåtar meiner ein her fartøy til sports- og fritidsbruk med skrogleggde inntil 15 fot / 4,57 meter, uavhengig av totalvekt, og som vert nytta utanfor næringsverksemeld. Mindre fartøy som kano og kajakk inngår i tilskotsordninga. Fritidsbåtar med aluminiumskrog samt kjøl og ballast i metall, inngår ikkje i denne tilskotsordninga.
Båt over 15 fot må leverast i Festingdalen.

Tilskotsordning for eigar av båten:

- Eigaren må fylle ut skjema.
- Operator på miljøstasjonen fyller ut org.nr. (974888076) og signera nedst på skjema.
- Eigaren må sjølv søkje via Miljødirektoratet om tilskot og leggje ved skjema som er signert av/ på lovleg mottak.

Skjema finn du på: www.miljodirektoratet.no

Brøyting kommunale vegar og plassar i Luster kommune 2017 – 2022

Brøyteinstruks

- Vegar inkl. gang- og sykkelvegar og fortau skal vere gjennombrøyta før snømengda på vegen overstig 8 cm våt snø og 12 cm tørr snø.
- Det skal brøytast etter alle snøfall større enn 5 cm.
- Snørydding i kryss skal gjeraast samstundes med eller rett etter at brøyting er gjort.
- Snø framom og på trafikkskilt som betyr noko for trafikktryggleiken, skal ryddast rett etter avslutta brøyting/ snøvêr.
- Beredskapsperioden er fra 01.10. til 01.05. kvart år/ brøytesesong.

Entreprenøren skal på eige initiativ rykkje ut for å halda standarden på brøytinga og strøinga.

Førespurnad om vegvedlikehald skal rettast til servicetorget, tlf. 57 68 55 00 på dagtid, og kommunal beredskapstelefond tlf. 481 02 120 utanom kontortid.



Rode	Namn
1	Ornes – Kinsedalen: Odd John Bugge
2	Bjørk – Øyane: Johannes L. Nyløy
3	Drægni, Fortun skule og ved kyrkja: Andreas Otterhjell
4 / 5	Skjolden, kommunale vegar og plassar i Skjolden og Mørkridsdalen: Kristen Sverre Flohaug
6	Dalsdalen – Tallagjerdet, Bringebakkane, Steinabakkane, Harastølen og kom.plassar: Per Nyløy
7	Høyheimsvegen, bustadfelt Høyheimsvik, Skildheim – Markstein: Harald Leirdal
8/9	Gaupne, kommunale vegar og plassar i Gaupne og Røneid, Gaupne – Engjadalen – Råum: Ole Mads Norenberg
10	Leirdalen: Arne Leirdal
11	Alsmo og Vigdalens: Kjetil Ruud
12	Fossøy, Halveg, Bakken, Gjerde, Mjølver, Jostedal kyrkje og ved skule og samf.hus: Kåre Reidar Aasen
13/ 14/ 15	Marifjøra, Sviggaplassane, Joranger/Tørvi, Melheim - Høgi – Bruheim, Lambhaug – Lundshaugen, Fet Kyrkje og ved skule/ barnehage, Morki-Oppheimshaug – Øyni - Fruli og Mollandsmarki: Harald Leirdal
16	Krekavegen, Nordheim, Sterri, Kjos, bustadfelt Hestnes inkl. gang- sykkelveg frå busslomme Galden: Nils Kåre Beheim
17	Bustadfelt Galden, gang- sykkelveg Buene – Galden, Galdetoppen industriområde, Bakkingavegen, bustadfelt Beheim, Hafslo sentrum inkl. kommunale plassar: Br. Lomheim AS
18	Solvorn: Simen Skophamar
19	Kommunale vegar og plassar på Veitastrond: John Molland

NYTT!

Vassmålaravlesning med SMS



Luster kommune tek i bruk SMS-varsling frå 2018 for å effektivisere innsamling av vassmåleravlesingar.

Varsel vil bli sendt på SMS til mobiltelefonen din der kommunen har registrert nummeret ditt, eller ved at du har registrert deg i offentlege register.

Varslingssystemet er integrert i fagsystemet vårt for kommunale eigedomsgebyr som gjer at kommunen raskt kan varsle rett person i forhold knytt til eige-

domar i kommunen. Me varslar eigar og/eller rekningsmottakar, eller kontaktperson knytt til eigedom.

I samband med vassmåleravlesinga kan kommunen overstyre utsending av SMS. Det vil seie at for einskilde eigedomar vil ein framleis kunne sende ut avlesingskort. I tillegg vil det bli sendt ut avlesingskort der det ikkje er oppgjeve mobilnummer.

Meir informasjon på heimesida luster.kommune.no.

•••• N Telenor 12.52 39 %

[Tilbake](#) 22580173596976 [Detaljer](#)

Les av din vannmåler **2212585** på adresse [Langebruvegen 22](#), innen **06.10.2016**. Send inn din målerstand(kun tall) som svar på denne meldingen. Når du leser av standen, ikkje ta med røde tall, eller tall bak komma. Hilsen Solviken kommune

30030

Din målerstand **30030** er registrert for vannmåler **2212585**. Målt forbruk er 1515 m³ siden siste registrerte avlesning 31.12.2015. Hilsen Solviken kommune.



Tekstmelding

Send

Vatn og avløp

Tursti Gaupnegrandane

Då det i år vart lagd ny avlaupsleidning frå Luster energiverk og ned til kaien, opparbeida kommunen samstundes ein ny gangveg for dei som vil gå tur langs med nedre del av Engjadalselvi. Området er no tilrettelagt med gruslagt og fin turveg.

Solsida hyttefelt


I samband med opparbeiding av nytt hyttefelt Solsida på Heggmyrane vart det etter avtale med utbyggjarane lagt fram kommunalt vatn og avlaup til feltet. Avtalen er tilsvarande den som for hyttefeltet Hamregåta. Det er lagt til rette for vidare tilko-



Vis dokultur!

Luster kommune må igjen minne om kva som ikkje skal skyljast ned i do då det ofte fører til stans i pumpestasjonane med påfølgjande høge vedlikehaldskostnadar og feil bruk av ressursar!

Mykje av driftsstogga og vedlikehaldet av pumpestasjonane skuldast at me må fjerne til dømes våtserviettar, klutar og moppar som IKKJE SKAL KASTAST I DO, men i boset.



Ikkje kast i do:

- Bos som klutar, moppar, inkludert våtserviettar og eingongsklutar, Q-tips, bind, bleier, bomull, pussegarn m.m. Dette skal kastast i bosdunken.
- Spesialavfall som olje og oljeprodukt, løysemiddel, tynnar, maling/beis, fotovæske, fargestoff, kontaktlim og medisinar skal ikkje hellast i vasken eller i toalettet. Spesialavfall skal samlast opp og leverast på miljøstasjonen, medisin skal returnerast til apoteket.
- Feitt og matolje i små mengde kan heimekomposterast eller sorterast i lag med matavfall. Matolje i store mengde skal samlast på kanner/flasker og bli levert til avfallsmottak.

Konsekvensane kan vere:

- Kloakk i kjellaren
- Ureining i naturen
- Skadedyr/rotter



Minst ein gong i veka må me senda ut folk for å reinska pumpestasjonar som har stogga. Dette fordi folk har kasta ting i toalettet som ikkje skal kastast der. – Me brukar mykje tid på dette og det kan fort bli dyrt, seier VA-ingeniør Ingrid M. Slinde. Ho håpar do-kulturen endrar seg. Om ikkje kan det føra til auka avlopsgebyr. Foto: Wenche Schanke Eikum/Sogn Avis.

- Auka kommunale avlaupsgebyr grunna auka behov for vedlikehald



pling dersom fleire hyttefelt vert utbygde. Ferdigstilling av vegen vert utført av utbyggjarane sjølve. Dei grunneigarane som er i feltet og som har ønska tilkpling til kommunalt nett no, har fått det.

Pumpestasjon/Toalett Solvorn
Kloakkpumpestasjonen på kaien

i Solvorn har blitt byta ut, og då vart det samstundes bygd eit handicaptoalett som snart blir ferdigstilt. Sjå biletet. Bygget er i samsvar med reguleringssplanen og godkjent av fylkesmannen. Me håpar dette blir positivt for både badande og andre besökande i det flotte rekreasjonsområdet vårt i Solvorn.



Pumpeleidning Ekservollen
Grunna problem med kloakkkleidninga mot Ekservollen vert det i 2017 lagd ny leidning i strondi. Dette håpar me vil betre problema med tilbakeslag i området.



No er gravferdsmeldinga for Luster kommune godkjend i Luster kyrkjeleg fellesråd og ligg i sin heilheit på heimesida www.luster.kyrkja.no.

Av kyrkjeverje Morten Rørstadbotten

Feste av grav

Fellesrådet skal ha ein kontaktperson/festar for kvar grav. Når kistegrav vert teken i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av, og etter godkjenning fra kyrkjeleg fellesråd for ei ekstra grav i tillegg når det er bruk for det. Desse gravene utgjer då ein gravstad. Ved bruk av urnegrav kan ein ikkje feste grav ved sida av. Når festetida er ute, kan gravstaden festast for nye 5 år. I god tid før festetida er ute skal festaren varslast. Er festet ikkje fornya innan 6 månader, fell gravstaden tilbake til gravplassen.

Andre livs- og trussamfunn
Luster kommune har sett av graver på Gaupne kyrkjegard til andre livs- og trussamfunn. Dette er felt H, rader 1-2-3-4. På rader 5-6-7 blir det minnelund og plass for anonyme gravminne. Når Luster fellesråd får behov for å ta i bruk ei anonym grav, er det fellesrådet som betalar for gravstøtte og har ansvar for stell av den.

PLANTEFELT

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgd med bakken rundt. Det må ikkje vere breiare enn breidda

på gravminnet, men kan i alle høve vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lengre fram enn 60 cm, målt frå bakkant av gravminnet. Det kan ikkje plantast vokstrar som er høgare enn gravminnet eller går ut over plantefeltet. Det er høve til å ramme inn plantefeltet med ein natursteinskant som fluktar med terrenget rundt, men som ikkje er festa i eller er eitt stykke saman med sokkel. Det er ikkje høve til å ramme inn plantefeltet med steinar som ligg laust rundt. Dersom ein ikkje ynskjer å opparbeide plantefeltet, kan det vere grasbakke på alle sider av gravminnet, eller plantefeltet kan dekkast med ei steinhelle som fluktar med terrenget. Kyrkjegardsstyresmaktene har ikkje erstatningsansvar for skade på dekor – gjenstandar i plantefeltet, innramming av plantefelt eller plantar i plantefelt når skaden skuldast vanleg drift av kyrkjegarden.

GRAVPLASSTILHØYRING
Avdøde personar i kommunen kan gravleggast på den gravplassen i kommunen som ein måtte ynskja. Dette gjeld òg om den avlidne på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i eit

anna sokn eller i ein annan kommune mot slutten av livet. I slike høve kan fellesrådet fråfalle kravet om betaling av avgift for utanbygds gravlegging; gravferslova §6. Ein føresetnad for rett til fri grav er at grava er tilvist av gravplassforvaltinga.

GRAV OG GRAVMINNE
Kyrkjeleg fellesråd skal godkjenne gravminne og fundament før dette vert sett opp på gravplassen. Kyrkjetenar vil syte for planering og tilsaing av grava etter gravlegging. Dersom det har vore grave i jordmassen der gravminnet skal plasserast, kan gravminne ikkje setjast opp tidlegare enn 6 månader etter gravlegging. Gravminnet skal plasserast slik at bakkant av gravminna står på rett linje, sett frå rekkemerke på gravfeltet. På ny festa gravstad, to graver, set ein opp gravminne i bakkant av den grava som vert teken i bruk og sentrerast ved neste gravlegging. Fundamentet til gravminnet skal gravast så djupt at det fluktar med terrenget rundt. Jf. også gravferdsforskrifta §20 – 27. Festaren/ dei pårørande er eigar av gravminnet, og er til ei kvar tid ansvarleg for at det vert halde i stand og at det er

forsvarleg sikra. Festaren er også ansvarleg for eventuelle pyntegjenstandar som er montert på gravminnet.

Kyrkjeleg fellesråd kan vedta at område av gravplassen eller enkeltgraver med gravminne og anna utstyr skal bevarast. Slik vedtak kan bl.a. gjerast dersom gravminne på eit område av gravplassen eller ei grav, er av ein viss alder, at det representerer ein stilhistorie, har eit lokalt sær preg i form eller materialbruk, gir utsyn for ein interessant personalhistorie eller er unikt.

ANSVAR FOR GRAV/GRAVSTAD

Lova skil mellom ansvar for fri grav og festar for festa grav/gravstad. Skilnaden er at ein betalar for å feste ei grav. Eigaren er ansvarleg for at gravminnet ikkje er i forfall, til sjenanse eller til fare for den som ferdast på gravplassen. Når fellesrådet finn det nødvendig, skal eigar varslast med pålegg om å bringe gravminnet i orden etter dei krav som er stilt i forskrift og vedtekter. Dersom eigaren unnlet å etterkomme slikt pålegg eller det er uvisst kor eigaren oppheld seg, kan fellesrådet setje i verk tiltak som er nødvendig for å bringe gravminnet i orden, derunder fjerne gravminnet.



Luster bibliotek, 01.11.2017



Datakafé kvar første onsdag i månaden på biblioteket

Datakafé er ein uhøgtidleg møteplass i eit samarbeid mellom Pensjonistforbundet Luster, Luster Frivilligsentral og Luster bibliotek.

Her kan du få personleg hjelpe til alt du måtte lure på, eller du kan lære noko nytt. Her er ingen spørsmål for små eller store. Det einaste kravet er at du har med eigen pc eller nettbrett. Tidspunktet er kl. 11.00 -12.00. Det er inga påmelding. Tilbodet er gratis og ope for alle.

Lurer du på noko eller har du lyst til å vere frivillig hjelpar, ta kontakt med ein av samarbeidspartane.

Skotpremie på rev og mink

Etter at lensmannen flytta til Sogndal har Luster kommune ved landbruk og naturforvaltning overteke ordninga med utbetaling av skotpremie på rev og mink.

Jegrane tek med seg heile dyret eller to framføter til kontroll. Premien i 2017 er kr 75 for mink og kr 600 for rev.



Sommarlesfest 2017

Som alltid blir Sommarles avslutta med eit arrangement med premieutdeling og underhaldning. Dei siste par åra har også barnehagane vore med i kampanjen under paraplyen «lese-saman».

Aldri har det møtt så mange på ein sommarlesfest, fleire enn 150! Så mange at det dessverre ikkje var plass til alle. Tradisjon tru var ordføraren med å sette ein spiss på arrangementet.

Beste barnehage: Det var full deltaking både på Veitastrand og Indre Hafslo. Begge fekk bokpakke verdi kr 2000. Styrar Per Rune Joranger, t.v. på biletet, tok imot på vegne av Veitastrand. Jens Melheim frå Indre Hafslo barnehage blei trekt ut som individuell vinnar av bokpakke kr 1000.

Beste skule: Jostedal 84% deltaking. Premie, is til alle elevar og lærarar + flott diplom. Representantar for skulen til venstre på biletet.

Desse elevane vann bok: Marielle Systad (Gaupne skule), Per Gunnar Moe (Hafslo bus), Kaja Snøtun (Jostedal), Kristine S. Høyheim (Luster), Eir-Hild Svanheld (Skjolden), Martine Paulsen (Skjolden) og Kostek Defanski (Skjolden).

Gåvekort kr 1000: Mikael Nava (Skjolden).

Gåvekort kr 500: Isis Frattasio Skår (Solvorn).

Gåvekort kr 300: Even Kjos Liljedahl (Hafslo).



Meir enn 2 kilo papir, innleverte lesekort (skule) og boklappar (barnehage), til saman 245 deltarar! Ordføraren er mektig imponert. Foto: Kari Anne Skjerven Afdal.



Går det an å fiske med ein feiekost? Når den populære forfattaren Bjørn Rørvik gjer det, ja, då er det ingen ting som er meir truverdig enn det. Det var kjempesemting i biblioteket under formidling om Reven og Grisungen frå boka "Vaffelfiskens".

Sommarles 2018 vil truleg bli ein nettbasert, interaktiv kampanje som dei fleste biblioteka i landet har sluttat seg til dei siste åra.

Glimt frå aktiviteten i biblioteket hausten 2017

Koseleg og matnyttig på laurdagsforedrag i september

Ein lærer alltid noko nytt når Johs B. Thue kjem på besøk. Han er ingen kokk, men han har studert og prøvd mange oppskrifter med fisk, som han

med stor iver deler med dei som vil høre. Tradisjonane har han og sonen samla i boka "Gryta i fjorden". På vårparten er Thue igjen på programmet med lokale folkelivsskildringar.



Kaffiprat. Frå venstre: Kåre Øvregard, Johs B. Thue, Reidulf Kjørsvik og Malvin Moen.



Tidleg innsats for leseglede

I slutten av september var biblioteket til stades på Trilletreff i Gaupne bedehus for å fortelle om språkutvikling og lesing. 13 mødre med barn var samla. Mange av barna viste allereie tendensar til stor leseglede med både å kjenne og smake på taktile bøker.

BokCAFÉ for voksne

I oktober var det fokus på bokhausten og andre godbitar frå inn- og utland.



Gjestene har funne helgelesing. Frå venstre Andrea Øvrebo, Hanne Hermansen, Gunvor Nærø, Reidulf Kjørsvik, Elen Øygard og Bjørg Hovland.



Det er kjempekjekt å vere på språkkafé med flykningar. Her er Mohammedsalih, Khaled, Mahmoud og Ali. Takk også til Ruth, Turkia, Flori og Anab, som også var med denne dagen.

Språkkafé for flykningar

Ein liten bit av språkopplæringa for flykningar er lagt til biblioteket. Det er språkkafé for ei gruppe og bokcafé for den gruppera som har lært mest norsk. Av aktivitetane er ein språkleik, der ein lagar setningar ut ifrå ord ein trekker i «ordboksen». Elles har det mellom anna vore fokus på norske folkeeventyr med presentasjon av dei på fleire språk og vising av filmane til Ivo Caprino. Det viser seg at det er mange likskapar mellom mange land sine eventyr og forteljingar.

Gilgamesh. Teaterframsyning med premiere i Luster bibliotek

«Gilgamesh» er eit av fleire program i Sognebiblioteka, Balestrand, Sogndal, Vik, Høyanger, Leikanger, Årdal og Luster sitt prosjektsamarbeid i 2017, som er støtta av Nasjonalbiblioteket. Tittel på heile prosjektpakken er «Kulturelt møterom» og har fokus på program som kan fremme integrering. Flykningar har høve til å lære om norsk kulturhistorie og nordmenn kan få del i flykningars sin kultur.

Eposet om Gilgamesh er sjølve sivilisasjonen vår si urhistorie, og har sterkt forankring i kulturen til menneske frå land som i oldtida låg under storriket Mesopotamia. Blant flykningane i Sogn er det særleg syrerar og kurdarar, som kan kjenne igjen forteljinga frå kulturarven til sine heimland. Teaterframsyninga er laga av Aldateateret v/Rolf Losnegård, på oppdrag frå biblioteksamarbeidet. I høve teateroppsettina blei det også utgitt bok. Gjendiktinga er i ei moderne, munnleg form på tre språk i den same boka – nynorsk, engelsk og arabisk – nettopp for å understreke våre felles røter og vere med på å bygge bru mellom kulturar.

Jakob Sande i ord og tonar v Ove Eide og Arne Søholt

Laurdag 11.november presenterte musikar Arne Søholt og forfattar og formidlar Ove Eide den mangfoldige - og framleis aktuelle – diktaren, Jakob Sande, frå Sunnfjord. Programmet kombinerte kåseri, musikk og opplesing. Det blei frisk allsong med Helene Myklemyr Bolstad som songvert



Mykje publikum. Foto: Maja Engelke

i eit fullsatt bibliotek med særdeles god stemning. Publikum fekk vere med på ei reise gjennom Jakob Sande sitt liv og forfatterskap - frå oppveksten i Dale, via studiar og sjømannsliv til Visens Venner og lektorrolla i Oslo. Programmet er støtta av Folkeakademiet Sogn og Fjordane og Folkeakademiet Luster.



God stemning. Foto: Maja Engelke



Susanne Hesjlevoll



Anna Marita Oma



Armando Navarro

Basis-trening

Det er andre vinteren det er tilbod om basistrening for barn og unge. Vi byrja etter haustferien og held på til påske.

Opplegget er å prøva ulike øvingar og byggja opp fysiske ressursar på ein kjekk og leiken måte - samt å treffa andre! I fjar var det eit snitt på 35 barn kvar gong som møtte.

Alder er 4. – 7. klasse. Tilbodet er ope for alle i denne alderen i Luster kommune!

Instruktørar i år er: Susanne Hesjlevoll, Anna Marita Oma og Armando Navarro.

Basistreninga er eit samarbeid mellom IL Bjørn, Gaupne helselag, Luster Treningssenter og Frisklivssentralen Sogn.

Tid: Onsdagar kl. 15.15 – 16.15
Stad: Gymsalen ved ungdomsskulen i Gaupne

Basistrening

Basistrening for barn og unge startar opp i Gaupne onsdag **25. oktober!** Alder er 4.-7.klasse i Luster kommune.

Møt opp for å treffa andre, prøva ut ulike øvingar og byggja opp din fysiske form på ein kjekk og leiken måte.

Instruktørar: Susanne Hesjlevoll, Anna Marita Oma og Armando Navarro.



Me gler oss til å sjå deg!

Tid: onsdagar
kl.15.15 -16.15

Stad: Gymsalen
ved ungdomsskulen i Gaupne

Ta med:
Vatn, innesko og
litt mat til før
eller etter
treninga

GRATIS





Frå fylkesturneen til Dans Uten Grenser.

Dans Uten Grenser

Dans Uten Grenser (DUG) er ein organisasjon starta av Ove Henning Solheim. Han han starta opp eit nettverk av danseverkstadar rundt omkring i Noreg. Danseverkstadane skal vera eit positivt fritidstilbod for barn og unge som eit alternativ til dei tradisjonelle fritidsaktivitetane, der formålet er å bruke ung-tilung formidling som metodikk.

I Dans Uten Grenser får ungdomane vera ein del av mange spanande prosjekt som blir vist



både innanlands og utanlands. Dei forskjellige gruppene får høve til å produsere ei førestilling som dei kan reise med til blant anna Latvia/Litauen for å vise fram på skular og barneheimar. Det blir også produsert ein samla turné for alle gruppene som dei reiser rundt om i fylket med.


Sogn og fjordane var første

fylket i DUG som satsa stort på dans tilbake i 2006, og Luster har vore ein del av dette frå då til no. 11 år etter er det framleis eit populært tilbod for barn og unge. No blir danseverkstaden i Luster styrt av ei dansegruppe på ni ungdomar mellom 14 til 17 år. Denne gruppa er den fjerde generasjonen av instruktørar i Luster kommune. Dei kallar seg for Villustre og tilbyr



Villustre – instruktørane i Luster kommune.





Kven trur du at du er?

Kanskje har du også røter fra Solvorn, Hafslo eller Luster?

I serien Gards- og ættesoge for Luster er band nr. 11 - Solvorn 1 – no klar for sal. Boka er på 771 sider og omhandlar gardane Kjelda, Øvrebo, Bjørnetun, Grov, Brekken, Elvetun, Sjøtun, Christianslyst, Solvorn med Solvornstrondi, Valaker og Gjestgjervarden Valaker lille.

Lokalhistorisk litteratur er populært og sel som aldri før. I Luster sine lokalhistoriske årbøker nr. 1-7 finn du mellom anna historia til industrianlegget i Kinserdal, om Harastølen – Luster Sanatorium, historia om «Krokaskulen», pionérskulen for jenter som starta i Holmedal og som vart til Luster vidaregåande skule, og sist men ikkje minst

om middelalderætter i indre Sogn. DVD-en om skimisjonæren Henrik Angell kan du òg tinga herifrå.

Fullstendig oversyn over publikasjonar og tingingskupong med prisar finn du på Luster kommune sine heimesider: www.luster.kommune.no i menyen Kultur, idrett og fritid – Lokalhistorie.

Bygdebøkene og Skulesoge for Luster vert sende i postoppkrav om dei ikkje kan hentast på rådhuset. Har du spørsmål, kan du venda deg til:
Servicetorget i Luster rådhus, tlf. 57 68 55 00, eller
kontakt Erling Bjørnetun, tlf. 57 68 55 21.
E-post: postmottak@luster.kommune.no

danseklassar for barn frå 1. klasse opp til 10. klasse. Her får elevane vera med på å utvikle eit dansenummer som dei får vise fram til venner og familie på slutten av eit semester. Det er eit tilbod som passar barn og ungdom, jenter og gutter. Noko av det dei tilbyr er blant anna stilane Hip Hop, show, fusion og break dance.

Ove Henning Solheim, han som starta organisasjonen Dans Uten Grenser.



Lustrabadet feira 5-årsdag

Utruleg, men heilt sant: Lustrabadet feira 5-årsjubileum! Laurdag, 28. oktober 2017. Ordførar Ivar Kvalen opna den offisielle feiringa saman med vår Wralter, programleiarane Geir Hauge og Vegard Høistad.

Å laga eit jubileumsprogram er krevjande. Vi ville ha med så mange opplevelingar som mogleg for flest mogleg besökjande. I tillegg skal programtilbodet helst vera originalt, spennande, inkluderande, overraskande og prega av særskilt god kvalitet. Vi valde å markera jubileet med 6 forskjellige aktivitetar spreidd utover heile badet.

Dei tilsette var til stor hjelp i arbeidet med å utarbeida eit flott program. Vi hadde sklie-

og symjekonkurranse. Sogn Dykkarklubb hadde ei spanande dykkeframsynning. Spenninga var stor blant både små og stor då ordførar Ivar Kvalen med sine ordførarkollegaer deltok i skliekonkurransen. Symjekonkurranse skapte masse merksemd frå mange symjeentusiastar, der dei tilsette delte ut præmier til dei som deltok og vann i konkurransane.

Underhaldning

Underhaldninga dreidde seg ikkje berre kring vatn, men vi hadde flott livemusikk i form av song og gitarstreng frå musikarane Siri Black Ndiaye og Sondre Skaftun frå Bergen. På kafeen hadde vi utstilling frå Rosa Sløyfe, Luster Sparebank,

Tupperware frå Olaug og mange små som gledde seg til ansiktsmåling etter symjing. Dagen vart avslutta med ei kortare utgåve av Aqua-Splash med motiverte deltakrar og kurslærar.

Vi takkar hovudsponsoren vår, Luster Sparebank, for engasjementa deira og interessa for badet gjennom dei 5 åra. Dessutan takkar vi samarbeidspartnaren vår og nabo Pyramiden for den flotte kaka vi fekk, og sjølvsagt alle kundane våre.

Ei stor takk og ære til dei tilsette som jobba hardt og bidrog til å gjera denne dagen til ein suksess. Det vart eit flott minne i historia til Lustrabadet!

Tusen hjartelig takk frå oss alle!





Eit lite knippe av aktivitetar i regi av Luster frivilligsentral



Me'n'u

Me'n'u er ein ungdomsklubb i Luster for ungdomar mellom 13-17 år. Klubben består av eit ungdomsstyre med ungdomar frå Luster ungdomsskule. Luster frivilligsentral har ei administrativ rolle og fungerer som støttespelar for ungdomane. Aktivitetane skjer rundt omkring i kommunen. Målsetjinga er 6 større arrangement i året. Første arrangement etter sommarferien var 29. september på Fjordstova i Skjolden. Her var det ulike aktivitetar som miniatyrskyting, klatring og landhockey/ballspel. Det var satt opp eigen buss for ungdomane etter arrangementet.



Kjøp – sal - byte

I samarbeid med Luster ungdomsskule arrangerte Me'n'u og 9 klassingane elevkveld 2. november med tema kjøp-sal-byte av brukte kle til juleball. I dagens forbrukarsamfunn er det viktig å ha fokus på gjenbruk. Eit populært arrangement der elevane kom før opningstid for å sikre seg dei beste godbitane. Her var det mange fine juleballkjolar til sals, og fleire gjorde nokre skikkelige kupp.

Brukbutikken



Gjenbruksentralen/brukbutikken i Gaupne er eit samarbeid mellom Luster frivilligsentral og elevar ved Luster ungdomsskule som har valfaget «innsats for andre». Denne har no flytta til betre lokale i yrkesskulebygget. Inngang er fortsatt mot Lustrabadet, men litt lenger borte i gata mot sandvolleyballbana.



Leksehjelp

Kvar måndag kl. 17-19 har Luster frivilligsentral tilbod om leksehjelp for elevar ved vidaregåande skule. Du finn oss i Grandmo Lagshus. Her stiller frivillige opp og hjelper med lekser.



Seniortreff

Annakvar onsdag på Gaupne omsorgssenter, aktivitetsstova, er det seniortreff for heimebuande.

Eit samarbeid mellom Luster kommune og Luster frivilligsentral. Eit tilbod om sosialt samvær, variert underholdning, lett trim og servering av varmt måltid. Seniortreffet kostar kr 100,- pr. pers. inkl. transport tur/retur.





Uteanlegget ved Hafslo barne- og ungdomsskule vart prioritert med fleire nye nærmiljøanlegg i 2017. No er anlegga komne på plass, og barn og unge har her fått eitt av dei beste uteanlegga i fylket. Byggeleiar har vore Johannes Øygarden.

Nye idrettsanlegg i 2018

Den kommunale prioriteringa av nye anlegg gjeld for ein fire års periode (2016-2019). I inneverande periode står desse anlegga på prioriteteringslista for 2018:

- Ordinære idrettsanlegg: Motorsportanlegg (Enduro og Knattecross), Luster idrettspark (kunstgras med undervarme og lysanlegg, friidrettsanlegg med 4 løpebaner, delanlegg for kasteøvingar og delanlegg for høgde- og lengdehopp, nytt stadianlegg på Sogn skisenter.

Nærmiljøanlegg: Tursti Ornes og hoppbakkar på Sogn skisenter (K10 og K19).

Fleire anlegg som vart prioriterte i 2017 oppnådde ikkje spelemidlar i år og må søke på nytt for 2018.

For å koma i løyvingsposisjon for spelemidlar og oppnå kommunal prioritet for økonomisk støtte er det viktig å vera ute i god tid. Det gjeld både med planlegging av det nye prosjektet, gjer dei nødvendig formelle

vedtaka på eige årsmøte/generalforsamling når det gjeld bruk av eigenkapital i finansieringa, få den nødvendige idrettsfunksjonelle godkjenninna og ha «på plass» ein anleggsansvarleg som kan representera søkeren i den vidare prosessen. Kommunen har rutinar for å hjelpe private søkerorganisasjonar med prosessen, så er det noko de vil ha oppklara fort, ta kontakt med Erling Bjørnetun.

Kulturstipend til Mathilde Skjærø

Plan- og forvalningsstyret har innvilga stipend på 10.000 kroner til felejenta frå Jostedal.

Føremålet med kulturstipend er å støtte ungdom som på ein framifrå måte vil kunne marknadsføre Luster kommune nasjonalt, innanfor idrett og/eller andre kulturytingar.

Mathilde takkar så mykje for stipendet og fortel litt om seg sjølv:
 - Eg er 21 år, kjem frå Jostedalen. Har spelt fele sidan eg var 7 år og vore med på mange kapplikar og spelt på ulike konserter. Eg gjekk på musikklinja på Firda vidaregåande skule, og no har eg starta på ein bachelor i tradisjonsmusikk på Ole Bull Akademiet på Voss. Der blir det mykje spelning, musikkteori og eg lærer om folkemusikktradisjonen i Noreg. Eg jobbar med stoff frå Sogn og mykje frå Jostedalen.



Mathilde Skjærø, fotograf Erling Kvalsøren



Styringsgruppa for Dagsturhytte-prosjektet fekk inspirere den første hytta som Reknes Byggjevarer i Masfjorden har fått æra av å produsere for alle kommunane i Sogn og Fjordane. Frå v.: Geir Afdal, (repr. for bygg i fylkeskommunen), Erling Bjørnetun (repr. for 26 kommunar), Johannes Øygarden (byggeleiari i Luster kommune), Egil Sagstad (Reknes Byggjevarer L.L.), Atle Skrede (kulturavd. i fylkeskommunen), Ole Kristian Kråkmo og Sondre N Andvik (begge arkitektar i Rojo-arkitekter).

Dagsturhytta på Ytre Eikum

Når Lustranytt vert distribuert til lesarane våre, er mest truleg dagsturhytta ferdig montert på Ytre Eikum. Hytta er som namnet seier kun ei dagsturhytte, men representerer eit pionertiltak i norsk friluftsliv. Kombinasjonen av spennande arkitektur, praktisk utforming og med eit bibliotek som tilbyr eit utval av media for friluftsinntersette leiarar, både unge og vaksne, vil løfte denne saka høgt på dagsordenen langt utover kommunane i Sogn og Fjordane. Alle 26 kommunane har førehandstinga minst ei hytte kvar, og den er dimensjonert for å kunna stå i storm og med tung snø på taket. Den observante leiaren vil også sjå av biletene at taket er utforma til å brukast, anten det er som ei tribune for å nyta utsikten, eller berre «sleika sol» og å utforske elementet over bakkenivået...

Anleggsarbeidet på Ytre Eikum var til tider krevjande manøver for entreprenøren Åge Lie i Lie Stein og Anlegg AS, men godt hjelpe av maskinkøyrar Joar Listou har forvandlinga av anleggsområdet vorte strålende og innbydande for dei som no kjem sjøvegen. Kommunen har hatt byggeleiinga, representert ved Johannes Øygarden. DNT ung

i Luster Turlag, under leiing av Håvard Ruud, har eit ansvar for drifta. Om alt går etter planen, vil hytta verta opna for bruk på vårparten. Heile hytta kom til Luster i 5 element som vart floge på plass med helikopter og skrudd saman på tomta. I tillegg kjem ein arkitektein keda, med framifra teknisk løysing, på plass like ved hytta.



No skjer det på Ytre Eikum - ferja Urnes med pumpebil skal levere betong til fundamentet, og klare til å ta i mot er entreprenøren Åge Lie og maskinkøyrar Joar Listou, medan byggeleiari Johannes Øygarden kontrollerer at ferja ikkje «går» på land...

Lystringen atter til topps



Denne dansegladene gjengen helde seg i god form, dei dansar sommar og vinter, og har dansa seg til tittelen norgesmeistrar fleire gonger. I sommar deltok dei på landsfestivalen på Oppdal. Blant mange konkurrentar dansa dei seg atter til topp med ein reinlendar. Gratulerer, de er knakande gode!

Frå venstre: Berit og Arne Øyen, Liv Hunshamar og Johannes Øygarden, Øygunn og Johannes Kjos, Bjørg Molland og Arne Aasen Hauge, spelemannen Øyvind Sandum, Solveig Sperle og Arnfinn Gjerde, Elbjørg og Arne Fossøy, Anne Louise Drevdal og Tormod Øvrebø, Oddbjørg Ese og Kjell Einar Ormberg.

Songtalentet Dordi Boksasp Lerum er noregsmeister

Dordi har sunge frå ho var ei lita jente, i barnekoret på Skjolden, og seinare i ungdomskoret Røyst. Det var først i fjor at ho starta med folkemusikk etter at ho vart inspirert ved å vere med tanta si på landskappleik. Ho har øvd i eitt år og har i sommar og haust delteke på kappleikar for første gong, med kjempegode resultat. På landskappleiken på Røros, blant fleire konkurrentar, gjekk ho like godt heilt til topps i vokal C. Ho har også delteke på fylkeskappleik og på vestlandskappleiken, til topps der også.

Ho besøkte kommunestyret i haust, underheldt med vakre tonar, og fekk ei påskjøning frå kommunen. Lykke til Dordi!



Dordi Boksasp Lerum tryllar fram dei vakraste tonar med songen sin. Foto: Mari Skeie Ljones.

Nye lusteringar

Haakon Stauri Begby og Åse-Marit Skåren Eldhuset

Fortel litt om dykk sjølve:

Haakon Stauri Begby (30) kjem frå Lillehammer og Åse-Marit Skåren Eldhuset (27) kjem frå Haugesund. Haakon er utdanna jurist og har jobba i Luster kommune sidan august 2015. Åse-Marit har master i pedagogikk og har jobba hos Fylkesmannen sidan juni 2015. Vi er glad i naturen, musikk, og kultur.

Kvífor kom de til Luster?

Vi kom til Luster pga. jobb samtidig som vi fann ein kjekk

bustad. Vi flytta til kommunen våren 2017. Ein annan grunn er at vi har familie her i indre Sogn.

Kva er det beste med å bu i Luster?

Jordnære folk og naturen. Det er også kjekt med kort veg til det meste ein treng. Vi set også pris på det gode klimaet her.

Kva kan Luster bli betre på?

Offentleg transport. Det hadde vært kjekt med fleire bussavgangar.



Margareth Skåren Eldhuset og Bjørn Eldhuset

Fortel litt om dykk sjølve:

Margareth Skåren Eldhuset (59) kjem frå Utsira. Bjørn Eldhuset (61) er opphavetleg frå Sandnes. Vi har budd i Haugesund i nærmere 30 år. Margareth er utdanna dekoratør og Bjørn er utdanna Fagoversettar. Margareth er interessert i kunst, foto og natur. Bjørn likar fiske og friluftsliv.

Kvífor kom de til Luster?

Vi kom til Luster for å vere nær familien.

Kva er det beste med å bu i Luster?

Frisk luft, nærliek til den flotte og mektige naturen og hyggelege folk.

Kva kan Luster bli betre på?

Saknar ikkje noko spesielt så langt.



Kjell Egil Ruud og Åse Flugheim

Me er ein familie med to ungar og to hundar. Kjell Egil Ruud, Åse Flugheim, Jens (2 år) og Anna (2 mnd). Kjell Egil, 32 år, er oppvaksen på Kaupangar og utdanna tømrar. Åse, 33 år, er oppvaksen på Veitastrond og utdanna førskulelærar.

I januar tek me over garden til foreldra til Åse, der det er mjølkeproduksjon. Me har alltid hatt stor interesse for dyr begge to.

Kvífor kom de til Luster?

Me flytta til Luster for å ta over garden. Me er begge oppvaksne med dyr og verdiane rundt dette, det er noko me ønsker for våre barn òg.

Kva er det beste med å bu i Luster?

Veitastrond er ei bygd med mange kjekke folk og godt samhald.





Øyvind Skovly

- *Fortel litt om dykk sjølve.*
- Jeg er 38 år gammel, og fra min første ferie har Veitastrond vært eneste aktuelle plass for meg og familien. Farmor kommer herfra, og så tidlig det var mulig bygde foreldrene mine hytte her inne.

For noen år siden fikk vi også muligheten til å kjøpe og starte oppussingen av BakkOlaHaugen framme på Vårstølen, som nå er blitt min bolig. Det ble favorittplassen vår, selv om jeg har bodd, blitt utdannet farmasøy og har jobbet på Østlandet. Det har alltid vært en drøm en gang å kunne bosette seg på Strondi. Den muligheten kom altså for et par år siden da først et bruk, senere ett til var til salgs. Så nå er farmasøyten snart sauebonde. Driftsbygningen med plass til 400 vinterfora er i ferd med å bli fullført nå.

Ellers er jeg samboer med Britt, som foreløpig fortsatt jobber på Hamar.

- *Kvifor kom de til Luster?*
- Som nevnt har Veitastrond alltid vært min favorittplass, og jeg har hatt en drøm om et arbeid der du kan få bruke mye tid i

naturen og samtidig gjøre noe så meningsfullt som å produsere mat.

Dessuten er det blitt mye prat om mulighetene på Veitastrond etter at onkel Bjørn og tante Berit flyttet hit, og vi så jo hvordan de trives og hvor trygt og godt dette lokalsamfunnet er. Det er også viktig at jeg har to foreldre som hjelper til og støtter meg så mye i dette, jeg lurer på om ikke dette har vært drømmen til faderen også innerst inne.

Jeg vet jo i tillegg at det ikke er lenge siden Luster vant konkurransen om beste norske kommune å bo i. Og så har jeg Farmor og Farfar på omsorgsheimen på Hafslo. Farfar er kanskje Lusters beste ambassadør – han kan ikke få fullrost tilbudet her.

- *Kva er det beste med å bu i Luster?*
- Det kan jeg ikke si mye om foreløpig, til nå har det stort sett vært lange dager på Strondi med bygging og å få alt i orden. Men jeg har i alle fall opplevd at det er veldig positive og hjelpsomme folk overalt, om det er i kommunen, på landbrukskontoret eller

Øyvind bygger ny fjøs



Øyvind og Britt.

ellers. Det er jo fint når forholdene ikke er større i kommunen enn at ordføreren kan stikke innom og følge med på hvordan ting går!

- *Kva kan Luster bli betre på?*
- Det kan jeg ikke svare på foreløpig. Ta en tur innom igjen om fem år, så vet jeg sikkert mer om det. Foreløpig kan jeg bare si at jeg føler meg velkommen, og at de jeg har truffet på av ulike årsaker er veldig hjelpsomme og hyggelige.



Fairtrade Norge er 20 år i 2017.

Fairtrade, rettferdig handel

Fairtrade Norge vart stifta i 1997. Det fyrste produktet som vart lansert i Noreg var kaffi. I dag finn du blant anna kaffi, te, bananer, roser, appelsinjuice, sjokolade, vin, sukker, iskrem og bomullstekstilar med Fairtrade-merket i norske butikkar. I mange år vart organisasjonen kalla Fairtrade Max Havelaar Norge, etter ein romanfigur i ein sjølvbiografisk roman skrive av den nederlandske forfattaren Eduard Douwes Dekker. Boki skildrar korleis han som embetsmann i Indonesia vart opprørt

over måten lokalbefolkningen vart behandla på.

I dag heiter organisasjonen Fairtrade Norge. Fairtrade Norge driv ikkje med kjøp og sal av produkt, men oppmuntrar og bistår leverandørar i Noreg til å tilby fleire Fairtrade-merka produkt på den norske marknaden. Elles informer dei norske forbrukjarar og innkjøparar om kva Fairtrade er, og kva dei bidreg til når dei kjøper Fairtrade-merka produkt.

Luster vart godkjent som Fairtradekommune i 2009. Det er


mykje Fairtradeprodukt i butikkane og kafeane rundt om i kommunen. Ved at ein handlar Fairtrade-merka produkt bidreg ein til at dei som har produsert vara kan forsyta seg sjølv og familien sin, utan å vera avhengig av hjelp og bistand. Med dette får dei høve til å skapa si eiga framtid og bidra til å byggja opp sitt eige lokalsamfunn. Luster kommune oppmodar verksemder og privatpersonar til å handle Fairtradeprodukt!

Trafikken over Sognefjellet aukar

Trafikketinga på Sognefjellet ved Rustadseter øvst i Bøverdalen, syner at trafikken er aukande. Sognefjellsvegen vart i 1997 opna som den fyrste nasjonale turistvegen i Noreg.

Det er vel mange som vil hevde at det og er den flottaste fjellovergangen mellom aust og vest. Trafikken er aukande og det stadfestar Sognefjellsvegen som ein populær veg både for

lokalbefolkning og turistar. I juli 2017 var det heile 1355 køyretøy i døgnet, august 2017 hadde 1018 køyretøy.





Opning av Brelam

Den 22. oktober var det offisiell opning av foredlingsanlegget til Brelam AS i Flatejordsøyane i Jostedalen. Det var ordføraren som opna, ved å dele ei spekepølse i to. Eigarane bakom satsinga er Einar Blikra, Jan Kåre Norberg og Magnus Snøtun. Det er og dei som eig Jostedal samdrift, fyrste fellesfjøsen for sau i regionen.

Produkta til Brelam kjem frå lamma til eigarane. Det er sauер som har beita i områda nær breane i Jostedalen: Bergsetdalen, Hauganosi, Bakkedalen og Vanndalsområdet.

I Flatejordsøyane på garden til Einar Blikra har dei no lokale for salting og turking av kjøt. Dei har og eit eige hus til røyking. I tillegg leiger dei kjøkenet

til Breheimsenteret for produksjon av spekepølsene sine.

Produkta til Brelam er økologiske: Spekepølse, pinnakjøt, saltakjøt og speka lammelår. Innovasjon Noreg og Luster kommune har delteke i finansieringa. Eigarane har som mål å ta ut ein større del av verdiskapinga lokalt, gjennom denne satsingen.



Forbetra sti mot Tuftebreen

I haust har styret og forvaltninga for Jostedalsbreen Nasjonalpark finansiert forbetring av stien opp mot Tuftebreen. Det er Einar Blikra som har vore innleid til å lage «tre-klopper» gjennom nokre våte område øvst opp mot Tuftebresteinen. Det er fint arbeid som er gjort, som hindrar at stien gjennom myrane vert «utvida» grunna slitasje.

Stien opp til Tuftebreen startar ved parkeringa på Bergset i Krundalen. Dei fleste besökande går nok innover Bergsetdalen, men det er ein flott tur opp til Tuftebreen. Fyrste delen av turen går oppå sidemorenen som vart laga då Tuftebreen rykte fram tidleg på 1700-talet. Breen gjekk då heilt ned til elva i dalbotnen. Stien er litt bratt nokre plassar, men det er eit flott utsyn etter stien mot brelanskapa Vitledalsbreen, Bergsetbreen og Tuftebreen.



Liv Byrkjeland i Statens Naturoppsyn og landbruksjef Steinulf Skjerdal er fornøgde med turen på ny sti. Her ved nye pausebenken ved Tuftebresteinen.





Sherpane til Stibygjaren AS har medverka til ei standarheving av stien frå Krossen og opp på Molden.

Turstiar som har fått eit løft

Eit resultat av Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er ei omfattande rehabilitering og anleggsutbygging på fleire store og utfordrande turstianlegg. Berre dette året har me, meir eller mindre, ferdigstilt prosjektet opp til Feigumfossen, frå Vetleskog på Mollandsmarki ned i Kjos på Hafslø, den gamle ferdelsvegen gjennom Jostedalen og den noko meir utfordrande stien ned til Stuaflåten.

I haust har det vore eit fokus på stien frå Krossen og opp til Molden. Særleg den mest «fuktige» delen av stien har vorte heva standarden på ved eit omfattande steinleggingsprosjekt og med «trebruer». Entreprenøren har vore Stibygjaren AS i Skåri på Skjolden, betre kjend som Geirr Vetti med stødige karar frå Nepal, også kjende som «sherpa». Samla sett er det i år nytt ca 1 mill. kroner på dette prosjektet, der i overkant av kr 500.000 er tilskot frå spelemidlane.


Nytt prosjekt i 2018 vert gangstien mellom Gaupne og Marifjøra.



Arbeidet med å utvide parkeringsplassen på Krossen er også delvis ferdig med ei langsgående parkeringsfil for m.a. bussar og bobilalar.



Turstien frå Wittgensteintavla ved Eidsvatnet, via Veiadn til Fortun er i ferd med å bli ferdig. I oktober kunne nye bruha over Fortunselva like ovanfor Eidsvatnet ferdigmonterast og i november vart grovarbeidet med stien i Veiadn planert ned til "Østerrike". Arbeidet med grovplaneringa opp til Drægni og Fortun er også kome godt i gang. I.L. Fanaråk står som eigar av spelemiddelanlegget, medan Skjolden bygdelag har driftsansvaret. Tilsaman har dette anlegget fått lovnad på 1 mill. kr i spelemidlar.



Slik såg det ut like etter restaurering av eit felt med alm på Loi sommaren 2016.

Det var knytt spenning til om dei gamle kjempene ville overleva den harde beskjeringa, men i sommar, eitt år etter, stod samtlege av dei med kvar sin kost av nye greiner.



Restaurering av haustingsskog på Loi

På Loi er det mykje verdifull haustingsskog av alm. Sidan ingen lenger haustar fôr frå trea på den gamle måten, er ein avhengig av å styva slike tre som reint skjøtselstiltak dersom ein skal greia å ta vare på nokre for å ha døme på korleis desse trea såg ut.

I naturreservatet på Loi vart først all gran hogge eller ringberkt, deretter vart to ekspertar leigde inn for å restaurera eit felt av den gamle almeskogen. I

tillegg har SNO prøvd ut ulike metodar for å pakka inn tre for å hindra hjorteskade i området. Både granuttaket (utført av grunneigar), restaureringa og tiltaka mot beiteskade er finansiert av midlar kommunen har fått fra Miljødirektoratet.

Oppdraget vart løyst av to karar som ikke berre hadde kunnskap om stell av tre, men også kunne handtere motorsag dinglante frå toppen av ein stige.





Synfaring med planlegging. Frå venstre Øystein Bergum, Ivar Refsdal, Sindre Yndesdal, Inger Moe, Oddvar Yndesdal og Pål Martin Eid. Foto: Liv Byrkjeland

Eit omvendt prosjekt i Yngsdalen

I sommar har det vore gjennomført eit arbeid litt utanom det vanlege for å hindra attgroing på ei stor myr i Yngsdalen.

Ei gravemaskin vart demontert og løfta inn i dalen med helikopter, og brukt til å tetta fleire grøfter frå 1950-talet, den gongen ein planla å dyrka opp arealet. I dag er området verna for å ta vare på det særeigne myrlandskapet og naturmangfaldet som hører med. Dei gamle grøftene har ført til at det har vakse fram kratt og skog, men ved å bygga demningar for kvar 20 cm fall håpar ein å heva vasstanden såpass at denne utviklinga stoggar. Samstundes med at entreprenør Øystein Bergum var i dalen med gravemaskina, fekk stølsvegen seg eit løft. Det var eit mål å få ein turrare veg utan å turka opp terrenget langsmed på nedsida. Dette vart løyst ved å unngå langsgåande grøfter, og heller legga fleire stikkrenner som leia vatnet rett



Å tetta grøftene er omvendt av det vanlege, men i Yngsdalen har ein gjort det for å heva vasstanden i myra og hindra attgroing.

under vegen og ut i terrenget på nedsida. Begge tiltaka vart finansiert med midlar fra Miljødirektoratet.



Her er gravemaskina demontert og klar for helikopterloft.



Eitt av partia som er utbetra på stølsvegen i Yngsdalen denne sommaren.

Frå spennande fortid til yrande framtid ved Solvorn oppvekstsenter


Perla Solvorn har ei spennande fortid som elevane ved oppvekstsenteret fekk ta del i under Strandsitjardagane i september. Me som skule tykkjer det er viktig å nytta denne kunnskapen i arbeid med kompetansemåla til elevane.

Bygdalaget er ein viktig samarbeidspartner i dette arbeidet, og det er mange personar i bygda som sit inne med mykje god kunnskap om historia til Solvorn. For at ungane i bygda skal bli stolte av bygda si og føla at dei hører til her, er det viktig at me tek med oss historia inn i barnehagen og skulen. Dette gjeld også historia til Ornes, sidan me har ungar i barnehagen og elevar ved skulen som kjem frå denne fine bygda på sørsida av Lustrafjorden.

Fram mot Strandsitjardagane jobba me tverrfagleg og hadde god kontakt med lokale personar i nærmiljøet.

I naustet til Arne Kvalen fekk elevane høyra forteljingar om livet i gamledagar og om dei ulike verktøya dei nytta til forskjellige daglege gjeremål. Elevane hadde mange gode spørsmål og tykte det var spesielt kjekt å sjå gamle heimelaga leikar, som Arne Kvalen hadde då han var liten.

Elevane hadde også i oppgåve



Steffen og Ylva i djup konsentrasjon



Små og store klare for Strandstjardagane 2017.

å finna ut om gamle verktøy og korleis desse vart nytta. Det var flott at mange føresette fann fram og lånte ut gamle verktøy og reiskapar til oss. Elevane skulle også finna ut kva klede dei gjekk med i tidsrommet strandsitjarane budde i Solvorn. Vidare skulle dei undersøkje kor mange hus det var i bygda på den tida, og kva ulike yrke innbyggjarane hadde.

Resultatet vart presentert på ein historieegg, der besökande på Strandsitjardagane kunne både lesa og sjå elevarbeida. Dette vart svært vellukka, og mange var innom og studerte historieveggen den dagen.

Strandsitjardagane er ein obligatorisk skuledag for elevane ved oppvekstsenteret, og alle møtte i gamaldagse kle. Elevane rullerte på fleire stasjonar, der dei fekk prøva ulike aktivitetar. På kaien viste dei fram sangleikar, som dei hadde øvd inn på førehand.



Barna studerer gamle bøker. Litt for mykje tekst, og lite biletar tykte dei.

Dei fekk også prøva og steika potekaker og spleisa tau på gamlemåten.

På ein stasjon sat dei og las gamle bøker. Elevane tykte bøkene dei har i dag, er finare enn dei som dei hadde i gamle dagar. Det var for lite biletar og fargar før i tida, sa dei.

Dette vart ein lærerik og spennande skuledag, som vart vellukka nettopp fordi dei fekk nytta seg av kunnsapsrike sambygdingar, som bidrog både med å låna ut gamle reiskap, og som delte rikt av sin eigen kunnskap om gamle dagar og strandsitjarane.



Spennande historieforteljing hjå Arne Kvalen.



Historieegg fekk mykje besøk denne laurdagen i strålande haustvêr.



Romjulskonsert i Gaupne kyrkje

Torsdag 28. desember klokka 19.00 vert det arrangert romjulskonsert i Gaupne kyrkje. Det vert ein konsert med variert musikk, med alt frå klassisk musikk til julemusikk til popviser. Musikken vil bli framført av desse unge talenta:

Sindre Steig: Sindre er 20 år og kjem frå Fortun. Han har gitar som hovudinstrument, men han syng også særstakt fint. Han har gått på musikklinja på Firda VGS, der han mellom anna har spelt ein av hovudrollane på skulemusikalen "Spring Awakening". No har han stipendiat på Viken Folkehøgskule, innanfor lydteknikk. I tillegg til dette har han og vunne draumestipendet. Sindre har også fleire prosjekt. Han jobbar med ei plateinnspeling, sitt eige band "Sindre Steig and uptight" og han er ofte lydmann for Grøftekarane.

Henning Lad: Henning er 21 år og kjem frå Gaupne. Han har song som hovudinstrument og har sunge i lang tid. Han har gått på Firda VGS, det han også hadde ei av hovudrollane i "Spring Awakening". Henning går no på Norges Musikkhøgskule, der han studerer klassisk song. Henning spelar for tida i Grøftekarane og i gammaldansgruppa "Ein haile halve maone". Han syng og i Oslo Kammerkor, som spelar inn ei plate for tida, og skal opptre på TV fleire gonger den nærmaste tida.

Anders Vassli Brekke: Anders er 22 år og kjem frå Vik. Han er organist, men kan også traktere piano. Han har gått på Firda VGS, Toneheim Folkehøgskule og går no på NTNU der han studerer kyrkjemusikk og orgel. Anders spelar også både trekkspel og kontrabass. Han spelar

piano i Grøftekarane, trekkspel i "Snaustrinda spelemannslag" og kontrabass i "Ein haile halve maone".

Emil Horstad: Emil er 20 år og kjem frå Naustdal. Han trakterer trekkspel og er eit stort talent, som kjem til Gaupne 6. januar. Han har også gått på Firda VGS og Toneheim Folkehøgskule. No går han på Norges Musikkhøgskule. Han har i fleire år hatt mellom anna landets beste lærarar i trekkspel, og er ein musikar me kan sjå mykje til framover. Emil spelar i Grøftekarane, Ein haile halve maone og Oslo Trekkspelklubb. ☺

Me håpar å sjå så mange som mogleg på konserten!

Returadresse:
Luster kommune,
Rådhusvegen 1
N-6868 Gaupne
Noreg/Norway



Foto: Eli Hansen Moen

Kriseinformasjon

Kva gjer du i situasjonar ved straumsbrot, stengde veger og manglende telefon?

Luster kommune vil minne om at det etter stormen Dagmar er gjort ei rekke beredskapstiltak, mellom anna for å sikre kommunikasjon mellom innbyggjarar og krieseleiing.

Kontaktpunkt rundt i kommunen:

På desse stadene er det oppretta samband til krieseleiinga med VHF eller satellitt-telefon.

Her er det også hjartestartar.

Noter deg at dersom du til dømes ikkje har telefonsamband og vegen er stengd, vil du kunne søkje informasjon og hjelp på følgjande plassar:

- **Gaupne omsorgssenter (krieseleiing)**
- **Luster omsorgssenter**
- **Fjordstova**
- **Urnes gard**
- **Hafslo omsorgssenter**
- **Veitastrond skule**
- **Jostedal hotell**



LUSTRA_{nytt}

Nr. 2 - 2017

Opplag: 4.500. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnementar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus og Sentralsjukehuset Førde. Redaksjonen avslutta 17. november 2017.

Ansvarleg redaktør: Rådmann Jarle Skartun
Redaksjonen er lagt til Servicetorget v/leiar Anita Bjørk Ruud.

Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragsytarar til redaksjonen.
Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevast til nemnde adresser.

Redaksjonen si adresse:
Redaksjonen si adresse: Luster kommune, Lustranytt, Rådhusvegen 1, 6868 Gaupne.
Tlf. 57 68 55 00 Faks: 57 68 55 01
E-post: postmottak@luster.kommune.no
Layout/trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as.
Tlf. 57 65 60 05

Framsidefoto: Luster rådhus.
Foto: Inger Handegård

Viktige telefonnummer

Helseenteret/Lege i kontortida

Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helseenteret med unntak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykisk helse.

LEGEVAKT	Tlf. 116 117
TANNLEGEN i Nesgården	Tlf. 57 65 63 90
KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP (Veg/vatn/kloakk).	Mob. 48 10 21 20
NAV Luster	Tlf. 55 55 33 33

Andre viktige telefonnr.:	
Melding om brann	Tlf. 110
Vakthavande brannbefal	Mob.: 41 65 94 40
Politi/Lensmann	Tlf. 112
Ambulanse	Tlf. 113

